



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested: Teams
Dato: 20.05.2022
Tidspunkt: 13:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Velkommen til nytt Nasjonalparkstyremøte på Teams 20. mai kl. 13.00-16.00.

Behov for pauser blir avtalt undervegs.

- Eventuelt.
- Kort informasjon fra forvalterane.

Vel møtt til teamsmøte!

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 11/2022	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 12/2022	Orienteringar		
ST 13/2022	Referatsaker		
	Vedtak i klagesak - Finndalen LVO - inngjerding av seterhus og bygging av platting gbnr 159/1/59 - Ola Stubrud Teigen		2021/9170
	Vedtak i klagesak - Finndalen LVO - oppsetting av vindmølle og flaggstang - Sterringen gbnr 159/1/84 - Mona og Arild Fallingen		2020/12486
ST 14/2022	Delegerte saker		
DS 16/2022	Delegert vedtak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport av ved til Tafjordsætra - Audun Walle		2022/1823
DS 17/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport av salt - Tordalen - Kjell Egil Ramstad		2022/397
DS 18/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - 2022 - turmålsordningen StikkUT - Skarfjellenden - Rauma kommune		2022/2013
DS 19/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - Billingen - Storvatnet - Hans Sæther		2020/13187
DS 20/2022	Delegert sak - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport til hytte på Kroketjern - Torgeir Åmot - Skjåk Utmarksservice		2022/1305
DS 21/2022	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - 2026 - snødekt mark - utkjøring av saltstein - transport av ved til gjeterbu - Vestsida beitelag		2022/2861
DS 22/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - motorferdsel - 2022 - transport av båt - Fellingsvatnet - Geir Kornkveen		2022/1558
DS 23/2022	Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2024 - proviant til beitebuer og utkjøring av saltstein - Lordalen beitelag		2022/1554
DS 24/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport til brusteder - Tordalen - Tverrådalen - Torsvatnet - DNT Oslo og Omegn		2022/3450

DS 25/2022	Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - motorferdsel - 2022 - helikopter - legging av nytt gulvbelegg - Reindalseter - DNT Sunnmøre	2022/4292
DS 26/2022	Delegert sak - dispensasjon - Lordalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport fra Lordalsmunningen til hytte ved Nysetra - Ivar Belle	2022/3240
DS 27/2022	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - frakt av båt - Storlusa - Stig Åge Teigen	2022/2512
DS 28/2022	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - bytte båt i Fellingsvatnet - Morten Olesen	2020/3413
ST 15/2022	Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - 2024 - merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - arealrepresentativ naturovervåking ANO - Norsk institutt for naturforskning NINA	2022/3780
ST 16/2022	Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2025 - snødekt mark - transport til fiskebu på Lortjønn - Lars Aaboen	2022/268
ST 17/2022	Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - Godkjenning av skjøtselsplan for Muldalen og Muldalslia	2019/14983
ST 18/2022	Re-autorisasjon av Besøkssenter nasjonalpark 2022	2022/4916

ST 11/2022 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 12/2022 Orienteringar

ST 13/2022 Referatsaker

Vedtak i klagesak - Finndalen LVO - inngjerding av seterhus og bygging av platting gbnr 159/1/59 - Ola Stubrud Teigen

Vedtak i klagesak - Finndalen LVO - oppsetting av vindmølle og flaggstang - Sterringen gbnr 159/1/84 - Mona og Arild Fallingen

ST 14/2022 Delegerte saker

DS 16/2022 Delegert vedtak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport av ved til Tafjordsætra - Audun Walle 2022/1823

DS 17/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport av salt - Tordalen - Kjell Egil Ramstad 2022/397

DS 18/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - 2022 - turmålsordningen StikkUT - Skarfjellenden - Rauma kommune 2022/2013

DS 19/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - Billingen - Storvatnet - Hans Sæther 2020/13187

DS 20/2022 Delegert sak - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport til hytte på Kroketjern - Torgeir Åmot - Skjåk Utmarksservice 2022/1305

DS 21/2022 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - 2026 - snødekt mark - utkjøring av saltstein - transport av ved til gjeterbu - Vestsida beitelag 2022/2861

DS 22/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - motorferdsel - 2022 - transport av båt - Fellingsvatnet - Geir Kornkveen 2022/1558

DS 23/2022 Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2024 - proviant til beitebuer og utkøyring av saltstein - Lordalen beitelag 2022/1554

DS 24/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport til brusteder - Tordalen - Tverrådalen - Torsvatnet - DNT Oslo og Omegn 2022/3450

DS 25/2022 Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - motorferdsel - 2022 - helikopter - legging av nytt gulvbelegg - Reindalseter - DNT Sunnmøre 2022/4292

DS 26/2022 Delegert sak - dispensasjon - Lordalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - transport fra Lordalsmunningen til hytte ved Nysetra - Ivar Belle 2022/3240

DS 27/2022 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - frakt av båt - Storlusa - Stig Åge Teigen 2022/2512

DS 28/2022 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - motorferdsel - 2022 - snødekt mark - bytte båt i Fellingsvatnet - Morten Olesen 2020/3413



Arkivsaksnummer: 2022/3780-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 03.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	15/2022	20.05.2022

Reinheimen NP - dispensasjon - 2022 - 2024 - merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - arealrepresentativ naturovervåking ANO - Norsk institutt for naturforskning NINA

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, får Norsk institutt for naturforskning (NINA) dispensasjon til å gjennomføre datainnsamling, for følgjande prøveflater i Reinheimen nasjonalpark:

Flate	Koordinat (x)	Koordinat (y)
ANO-flate 406	145250	6901750
ANO-flate 957	140750	6896250
ANO-flate 563	137750	6908750
ANO-flate 308	165250	6884250

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for følgjande tiltak:
 - setje ned to små metallrøyr i samband med merking av ruter for analyse (til saman 18 ruter pr. ANO-flate/område). Røyra skal brukast til å finne posisjonen på ruta frå år til år, når ruta skal analyserast på nytt.
 - uttak av små mengder plantemateriale i samband med registrering av artar.
- Det skal ikkje utførast irreversible inngrep som t.d. boring i fjell/stein og metallrøyra skal fjernast så snart prosjektet er avslutta og seinast sommarsesongen etter prosjektslutt.
- Feltarbeiderane må setje seg inn i korleis kulturminner i fjeller kan sjå ut, for å unngå å flytte på t.d. bogestelle, fangstgroper mm.
- Det må etablerast gode rutinar for registrering av kor det blir sett ut metallrøyr i bakken, slik at ein sikrar at alle røyra blir henta inn når prosjektet er ferdig.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til naturmangfaldlov/verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå kommune og grunneigar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå NINA datert 28.03.2022

Saksopplysningar

Søknaden frå NINA:

Norsk institutt for naturforskning skal på oppdrag fra Miljødirektoratet utføre kartlegging i forbindelse med det nasjonale overvåkingsprogrammet "Arealrepresentativ naturovervåking (ANO). Programmet samler blant annet inn data på viktige indikatorer for fagsystem for økologisk tilstand. Overvåkingsprogrammet vil ikke fokusere på resultater fra enkeltområder, men alle innsamlede data vil tilsammen gi en nasjonal statistikk på langsiktige endringer i norsk natur. For mer informasjon, se [Arealrepresentativ naturovervåking \(ANO\) \(nina.no\)](http://nina.no)

Overvåkingsflater er fordelt over hele fastlands-Norge, valgt fra SSBs rutenettverk med 500x500 meter flater. I hver flate er det lagt ut et forband på 18 punkter som undersøkes hvert femte år. På hver av de 18 punktene i en ANO-flate registreres vegetasjon i en 250 m² sirkel og en kvadratmeterrute i midten av sirkelen. Siden ANO er et langsiktig overvåkingsprosjekt, så merkes kvadratmeterruta med to fastmerker for å gjøre det mulig å finne tilbake til eksakt samme rute fem år senere.

Datainnsamlingen i ANO gjøres på faste punkter og inkluderer to komponenter:

- Registrering av variabler for økologisk tilstand, herunder artssammensetning, vegetasjonsdekning og vegetasjonsstruktur.*
- Kartlegging av naturtyper etter NiN kartleggingsinstruks for målestokk 1:5000*

Følgende flater har havnet innenfor et verneområde som dere har forvaltningsmyndighet for:

- ANO-flate 406 , koordinater til flatens midtpunkt: X: 145250, Y: 6901750*
- ANO-flate 957, koordinater til flatens midtpunkt: X: 140750, 6896250*
- ANO-flate 563, koordinater til flatens midtpunkt: X: 137750, Y: 6908750*
- ANO-flate 308, koordinater til flatens midtpunkt: X: 165250, Y: 6884250*


For kart over lokalitetene, se Vedlegg under.

Det søkes herved om dispensasjon til kunne sette ned to metallrør i forbindelse med merking av analyseruter, til sammen 36 merker pr 500 x 500 m ANO-flate.


Fastmerkene som benyttes er aluminiumsrør med 1 cm diameter og lengde 5-10 cm (avhengig av terreng). Merkene blir satt helt ned i jorda, slik at de er svært lite synlige. Dersom punktene havner på stein eller annet materiale som er uegnet for fastmerking, blir punktene kun merket på GPS. Når prosjektet avsluttes, vil alle fastmerker fjernes.

I tillegg kan det bli aktuelt med uttak av små mengder plantemateriale til belegg for artsbestemmelse. Feltarbeidet vil foregå i tidsrommet juli-september i sesongene 2022 og 2023. All ferdsel i forbindelse med kartleggingen vil skje i tråd med


friluftslovens regler om ferdsel og god ferdselskultur.



ANO563: 18 gule punkter er markert. Denne flaten skal kartlegges i 2022.




ANO406: 18 gule punkter er markert. Denne flaten skal kartlegges i 2022.



ANO 957: 18 gule punkter er markert. Denne flaten skal kartlegges i 2022.



ANO308: 18 gule punkter er markert. Denne flaten skal kartlegges i 2023.



Kart over alle lokalitetene

I mailutveksling med prosjektleder Lise Tingstad i NINA opplyser ho om at «*metodikken legger opp til at flatene skal overvåkes hvert femte år, men foreløpig har prosjektet kun finansiering til ett besøk på hver av lokalitetene, dvs til og med feltsesong 2024. Deretter starter et nytt omdrev med gjenbesøk fra feltsesongen 2025, gitt at Miljødirektoratet finansierer programmet videre. Metodikken ligger opp til at programmet skal rulle og gå i årtier, men det står og faller på finansiering. Dvs, «prosjektslutt» er vel et greit ord å sette inn, for så vil det gjelde uansett når prosjektslutt måtte inntreffe.*»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

«Føremålet med oppretting av Reinheimen nasjonalpark er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i høve til geologi, klima, vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Reinheimen nasjonalpark er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot nye bygg, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1.

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i verneforskrifta, § 3, pkt. 1.3.

a) Gjenoppføring av bygningar som går tapt ved brann eller naturskade.

b) Ombygging og utviding av eksisterande bygningar.

Forvaltningsplan

4.11 Vitskapelege undersøkingar og undervisningar

All forskningsaktivitet i nasjonalparken som kan skade verneformålet krev løyve frå forvaltningsstyresmakta. Dette gjeld t.d. motorferdsel i utmark, terrenginngrep og ferdsel som skader villreinen.

4.11.1 Retningslinjer

Vitskapelege undersøkingar § 4, jf. naturmangfaldlova § 48.

Vitskapelege institusjonar som planlegg vitskapelege undersøkingar som kan vere til skade for verneformålet, må søkje forvaltningsstyresmakta om dispensasjon frå vernereglane. Det vil normalt ikkje bli gjeve løyve til forskning som kan skade naturmiljøet. Forsking som gjev mykje ferdsel over lang tid over store område i nasjonalparken i tider på året der slik aktivitet er negativt for verneformålet er søknadspliktig. Døme på dette er forskning som gjev aktivitet i eller nær kalvingsområda til villreinen om våren. Forvaltningsstyresmakta vurderer forholdet til vernereglane, den samfunnsmessige interessa av forskingsprosjektet og konsekvensane for verneformålet. Forskingsprosjekt må vurderast i ein samheng der ein ser på den samla verknaden på verneverdiane, og om forskningsprosjektet alternativt kan gjennomførast utafor nasjonalparken. I vurdering av søknadene skal forvaltningsstyresmakta også leggje vekt på å ivareta behovet for ei fri og uavhengig forskning.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

På oppdrag for Miljødirektoratet søker Norsk institutt for naturforskning (NINA) om å få utføre vegetasjonskartlegging i samband med prosjektet «Arealrepresentativ naturovervåking» (ANO) i Reinheimen. ANO er eit nasjonalt overvåkingsprogram som samlar inn data på viktige indikatorar for fagsystem for økologisk tilstand. 4 av prøveflatane, på 500x500 m store, ligg i Reinheimen nasjonalpark. Det er gjeve løyve til same formål i andre verneområde i Noreg tidlegare.

I § 33 bokstav h i naturmangfaldlova står det at eit av formåla med områdevern er bevaring av referanseområder for å følgje utviklinga i naturen. I denne samanhengen må det gjerast vitskapelege registreringar for å dokumentere naturens utvikling. Eit nasjonalt prosjekt som dette, med et nettverk av flater, er i tråd med et slikt mål.

I praksis er det ut frå søknaden søkt om følgjande tiltak innanfor dei 4 flatene:

- setje ned to små metallrøyr pr punkt, dvs 36 merker pr 500 x 500 m ANO-flate. Røyra skal brukast til å finne att posisjonen når ruta skal analyserast på nytt.
- uttak av små mengder plantemateriale i forbindelse med registrering av artar.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Reinheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. Det er god oversikt over biotopar og artsmangfald i området. Det er ikkje registrert sårbare lokalitetar for fugl i nærleiken til desse flatene og det er heller ikkje registrert kulturminne innanfor dei 4 flatene. Villreinen bruker områda som heilårsbeite, men det blir vurdert at ein marginal aktivitet som dette ikkje vil påverke villreinen negativt (§ 8).

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet (§ 9) i saken. Slik det er beskrive i søknaden vil metallrøyra knapt vera synlege og plantematerialet som eventuelt blir teke ut er av marginal mengde. Det vil ikkje bli behov for motorisert ferdsl, da dei vil gå inn i området til fots. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate tiltaka slik dei er beskrive i søknaden frå NINA. Metodikken legg opp til at flatene skal overvåkes kvart femte år, men prosjektet har foreløpig kun finansiering til eit besøk på kvar av lokalitetane, dvs til og med feltsesong 2024. Deretter startar eit nytt omdrev med gjenbesøk fra feltsesongen 2025, gitt at Miljødirektoratet finansierar programmet vidare. Metodikken legg opp til at programmet skal rulle og gå i årtier.

Reinheimen har mange kulturminne i samband med jakt og fangstkultur og feltarbeiderane må setje seg inni korleis desse kan sjå ut, for å unngå å flytte på og øydelegge td oppmuringar i samband med villreinfangst. Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet og kulturminne ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort, kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar sikrast dette gjennom vilkåra som er stilt i saken (§§ 11-12).

Det er ikkje vurdert at verneverdiane eller verneformålet blir nemneverdig påverka ved gjennomføring av tiltaka. Den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag, dersom vilkåra blir følgt. Det er viktig at tiltakshavar har gode rutinar for registrering av kvar det blir sett ned metallrøyr, slik at det er mogleg å finne att røyra når prosjektet er ferdig (§10).



Arkivsaksnummer: 2022/268-4

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 20.04.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	16/2022	20.05.2022

Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2022 - 2025 - snødekt mark - transport til fiskebu på Lortjønn - Lars Aaboen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Ottadalen lvo, § 3, pkt. 5.3 b) får Lars Aaboen dispensasjon til motorferdsel med snøscooter for transport av varer og ved til fiskebu ved Lortjønn.

Dispensasjonen til motorferdsel er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon gjeld for inntil 1 tur for vintersesongen i 2022, 2023, 2024, 2025, 2026.
- For å unngå konflikt med villrein skal det køyrast innan 10.mars før villrein trekker til kalvingsområda.
- Køyringa skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Det skal ikkje køyrast dersom det er villrein i køyretraseen.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjend av kommune for transportoppdraget, som skal kunne samordne med andre kjøyreoppdrag i området.
- Køyretrasé: Aursjoen til Lortjønn, retur same veg.
- Dispensasjon og utfylt køyrebok skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Seinast dagen før snøscootertransporten skal SNO v/ Per Olav Haugen varslast på mobilnr.: 970 57 213.
- Utfylt køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 5.juni det aktuelle året.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Ved bruk av leigekøyrar treng ikkje kommunen særskild behandling, jf. rammer for leigekjørarløyve gjeve av kommunane.

Det vert gjort oppmerksom på at løyve for motorferdsel med snøscooter og må avklarast med grunneigar jf. «Lov om motorferdsel i utmark».

Nasjonalparkstyret ber om at køyrefristar for nyttekøyring med snøscooter i Ottadalen landskapsvernområde i framtidige saker blir sett tidleg på vinteren, når det er minst sjanse for å treffe på villrein i områda.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Lars Aaboen, 06.01.2022
- Delegert vedtak i saka, 19.01.22
- Klage på delegert vedtak, e-post frå Lars Aaboen 05.04.22
- Uttale frå Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen, e-post 05.05.22

Saksopplysningar

Lars Aaboen fekk dispensasjon til motorferdsel med snøscooter i 5 nye år, for varetransport til si fiskebu ved Lortjønn, 19.01.22. Han klager på andre kulepunkt i vilkår for dispensasjon gjeve i delegert vedtak i saka. Klaga gjeld fristen for transporten, som er sett 1.mars, formulert slik:

«Løyvet gjeld for vintersesongene, og for å unngå konflikt med villrein skal det køyrast innan 1.mars før villrein trekker til kalvingsområda».

I klaga står følgjande:

Viser til telefonsamtale i dag og vil med dette klage på vedtak i sak 2022/268-2 432.2. Fekk løyve til transport med snøskuter fra Aursjoen i Skjåk til fiskebu ved Lortjønn. Kjøring måtte skje før 1. mars, før var det 20. april.

Ønsker at det fortsatt skal stå seinast 20. april i vedtaket. Dette på grunn av at:

før 1. mars er det svært stutte dagar ofte dårleg vær dersom det er klarvær er det ofte svært kaldt

snøen er ofte laus og vanskeleg å kjøre på.

Alternativ løysing er at det i vedtaket kan stå at kjøring fra Aursjoen skal skje før 1. mars og at kjøring frå Heggebottsæter skal skje før 20. april. Disse traseene er omlag like lange.

Vi tar alltid hensyn til om det er rein i kjøretraseen.

På førehand takk.

Nasjonalparkforvaltarane har delegert mynde til å behandle enkeltsaker som gjeld søknader om motorferdsel, spesifisert i verneforskrifta. I medhald av vedtekter for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 6.2, jf. naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, har nasjonalparkstyret for Reinheimen i styremøte 14.03.2016, sak 5/16, gjort vedtak om å delegere handsaming av einskilde saker til nasjonalparkforvaltaren, slik som i denne saka.

Søknaden frå Lars Aaboen vart vurdert etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane for motorferdsel i verneforskriften, og det vart gjort slik delegert vedtak i saka 19.01.22:

«Delegert vedtak:

Med heimel i verneforskrift for Ottadalen Ivo, § 3, pkt. 5.3 b) får Lars Aaboen dispensasjon til motorferdsel med snøscooter for transport av varer og ved til fiskebu ved Lortjønn.

Dispensasjonen til motorferdsel er gjeve med følgjande vilkår:

- *Dispensasjon gjeld for inntil 1 tur for vintersesongen i 2022, 2023, 2024, 2025, 2026.*
- *Løyvet gjeld for vintersesongene, og for å unngå konflikt med villrein skal det køyrast innan 1.mars før villrein trekker til kalvingsområda.*
- *Køytinga skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Det skal ikkje køyrast dersom det er villrein i kjøretraseen.*
- *Det skal nyttast leigekøyrar godkjend av kommune for transportoppdraget, som skal kunne samordne med andre kjøyreoppdrag i området.*
- *Køyretrasé: Aursjoen til Lortjønn, retur same veg.*
- *Dispensasjon skal takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.*
- *Seinast dagen før snøscootertransporten skal SNO v/ Per Olav Haugen varslast på mobilnr.: 970 57 213.*
- *Køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 5.juni det aktuelle året, på følgjande elektroniske skjema:*

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta. Ved bruk av leigekjører treng ikkje kommunen særskild behandling, jf. rammer for leigekjørerløyve gjeve av kommunane.

Det vert gjort oppmerksom på at løyve for motorferdsel med snøscooter og må avklarast med grunneigar jf. «Lov om motorferdsel i utmark».

Klagefrist og klagerett

I vedtaket 19.01.22 er søkjar informert om klageretten, og at det er ein klagefrist på 3 veker, jf. reglar i forvaltningslova § 28. Klaga er datert 05.04.22, ca.10 veker etter klagefristen, og skal avvisast av forvaltningsmyndigheita sidan vilkåret om klagefristen ikkje er oppfylt.

Ny behandling

Forvaltningsmyndigheita har avgrensa moglegheit til å gjere om eiga vedtak utan klage. Men da denne konkrete saka gjeld fornying av fleirårig løyve til fiskebu, med ny og tidlegare køyrefrist i forhold til innarbeidde reglar i forvaltningsplan, vil forvaltar leggje saka fram for nasjonalparkstyret til vurdering. Det er fleire grunnar til at den generelle køyrefristen 20.april ikkje nødvendigvis skal vera lik i heile verneområdet, da villrein sin bruk har endra seg sidan oppretting av verneområdet og utarbeiding av forvaltningsplanen i 2010. Villrein sin arealbruk er ikkje statisk, vintersesongen er blitt noko stuttare og været er meir ustabil. Det gjer at villrein trekker tidlegare frå vinterbeite til kalvingsopmråda. Arbeidet med kvalitetsnormen gir også forvaltninga oppdatert kunnskap om villreinområdet.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen blir derfor bede om å behandle søknaden, og vurdere køyrefristen på vinterføre til fiskebu ved Lortjønn i Ottadalen landskapsvernområde.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Søknaden er vurdert i samsvar med:

Forskrift for Ottadalen landskapsvernområde, 24.11.2006

Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010

Naturmangfaldlova, 2009

Verneformål – forskrift

Etter verneforskrift for Ottadalen landskapsvernområde, er all motorferdsel i utgangspunktet forbode, jf. verneforskrifta §3 pkt. 5.1, og motorisert ferdsl skal haldast på eit nødvendig minimum. Forvaltningstyremakta kan, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 5.3 b), gje løyve til m.a: *«Nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.»*

Forvaltningsplan

Motorisert ferdsl i Ottadalen landskapsvernområde er særleg konfliktfylt fordi områda skal vera skjerma for unødig støy og uro. Transportar skal ha eit klart nytteføremål. Motorisert ferdsl skal haldast på eit nødvendig minimum. Vidare står det at motorferdsel i samband med bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark til ulike formål, i regelen skal skje ved bruk av leigekjører (jf. Nasjonal forskrift om motorisert ferdsl i utmark og på islagte vassdrag § 5 a.). Leigekjører/transportør skal varsle oppsynet på førehand i forhold til den aktuelle dagen når transporten skal skje for å hindre moglege ulemper for villreinen og

for å halde oversikt over motorferdsel i verneområdet. Det skal først køyrebok som skal sendast forvaltningsstyresmakta innan 5. juni kvart år.

For å sikre fleksibilitet og å unngå unødig behandling av søknader, skal løyve gjevast for ein aktuell periode. For kjende, faste transportformål kan det gjevast løyve for inntil 5 år med avgrensing i tal på turar/sesong. Turar på vinterføre skal normalt avgrensast til 1 – 5 turar, og køyring etter 20. april, ev. 3. påседdag om den er seinare, skal ikkje skje. Forvaltningsplan for Reinheimen viser trase for leigekøyring mot Sveinbu, frå Aursjoen i Skjåk.

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift og eventuelle retningsliner i forvaltningsplan må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlova, herunder dei miljørettslege prinsipp i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jf. § 7.

Presedens


I enkelt saker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknede tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Søkjaren eig ei fiskebu ved Lortjønn, og har eit akseptert behov for transport som det kan gjevast dispensasjon til, jf. verneforskrifta. Bruk av snøscooter til transport av ved/varer er hensiktsmessig i dette tilfelle, og det er tidlegare gjevne dispensasjon til bruk av snøscooter til Lortjønn. Køyretraseen vist i forvaltningsplanen frå Aursjoen, er kurrant jf. forvaltningsplan. Men det er viktig å presisere at det ved gjennomføring av transporten skal takast særlege omsyn for å unngå mogleg konflikt med villrein, som har vinterbeite og trekk i denne delen av verneområde.

Hovudtrekket for villrein mellom Liafjellet og resten av Ottadalsområdet går forbi Honnsjoen, og vinterstid held villreinflokkane til i fjellområdet mellom Lia i Lom og Finndalen.

Hovedføremålet med Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrane landskapsvernområde er i fyrste rekke å ta vare på leveområdet til villrein i området, og ein må derfor stille krav om særskild aktsemd i høve til villreinen, i tråd med føringar gitt i forvaltningsplan.




I kartet over er den aktuelle køyretraseene skissert med raud stipla line. Det blå feltet viser villrein sine trekkområde, og det rosa feltet er kalvingsområde. Informasjon i kartet (henta frå naturbasen) stadfester at området er særleg viktig som funksjonsområde for villrein. På telefon i januar 2022 informerte sekretær i Villreinutvalet at det no er observert villreinflokkar kring Ruphovden og flokkar lenger aust på Liafjellet og kring Sterringshø. Det er og flokkar spreidd lenger vest mot Aursjoen, og minimumstelling i mars dokumenterar at det går blanda villreinflokkar både på Heggebottflye og i Honnsjo-området. Med bakgrunn i villreintellingar og observasjonar, ble det konkludert med at det beste tidspunktet for å unngå konflikt med villrein vinterstid i området frå Aursoen og Heggebottflye, er før mars. Derfor ble køyrefristen for transport til Lortjønn sett til 1.mars, i delegert vedtak 19.01.22.

I e-post 05.05.22 skriv Villreinnemnda følgjande uttale til spørsmål om tidspunkt for transporten:

-Vi drøfta saka på møtet i villreinnemnda i helga. Det er stor semje om at ein så langt som mogleg skal legge køyringa til eit tidspunkt da det er mindre sjanse for å møte på villrein. Ved køyring frå Aursjoen til Lortjønn på ettervinteren, køyrer ein gjennom eit område som i naturbase er registrert som kalvingsområde. På ettervinteren trekker villrein frå vinterbeiteområda i aust til mellom anna kalvingsområde på både sider av Lordalen. I denne perioda er det større sjanse for å treffe på villrein i dette området enn tidlegare på vinteren. Ein kan sikkert køyre mange turar til Lortjønnen på våren utan å treffe på villrein, men forvaltninga bør legge opp til eit system der det er minst sjanse for å treffe på villrein. Dette tilsvarar andre saker der vi har tilrådd køyring tidleg på vinteren for å redusere sjansen for å treffe på villrein. Villrein har mindre enegireservar utover våren og er meir sårbare når dert nærmar seg kalving. Det er slik sett gode argument for å gjennomføre transporten tidleg på vinteren. Vi ser at snøforholda ofte gjer køyringa enklare utover ettervinteren, men i dette området vil det normalt vera mogleg å gjennomføre transporten tidlegare på vinteren.

I vårt møte i helga vart datoen 10. mars også drøfta. Trekket vestover frå vinterbeiteområda og sjansen for å treffe på rein i dette området er kanskje liten fram til 10. mars.

Nemnda er tydelege på at vi ynskjer å redusere køyringa i dette området utover ettervinteren.




Når det gjeld start frå Heggebottsætra, har Villreinnemnda vurdert det slik:

I samband med kvalitetsnormen for villrein har det vore ein gjennomgang av funksjonsområda for villrein. Kalvings- og oppvekstområde i Lordalen er litt utvida og inkluderer også Lortjønnen. Dette er ikkje publisert i naturbase enno, men ligg

her: <https://storymaps.arcgis.com/stories/ce49913e62a04c53b8736a25cb20ad4a>

Ein kjem inn i sårbare område sjølv om ein startar frå Heggebottsætre. Tykkjer det beste er å gjennomføre transporten tidlegare på vinteren.



Uttala frå villreinnemnda 05.05.22 støttar opp om at nyttetransport med snøscooter, med start frå Aursjoen og Heggebottsætre, bør gjennomførast tidlig i vintersesongen.

Det er god kunnskap om arealbruken til villreinen i området. Og ny oppdatert kunnskap i samband med kvalitetsnormen, viser at kalvings- og oppvekstområde i området er utvida slik at det inkluderar Lortjønnen, jf. kartet over. Motorferdsel skal avgrensast til eit minimum, i tråd med det generelle forbodet mot motorferdsel sett i verneforskrifta § 3 pkt. 5.1. Det er svært viktig å velja køyretrase og tidspunkt som er til minst mogleg skade og ulempe, både for dyreliv og folk i området. Kunnskapsgrunnlaget – jf. naturmangfaldlova § 8 – er vurdert som tilstrekkeleg, og det er ikkje nødvendig å ta i bruk naturmangfaldlovas § 9, «føre-var-prinsippet».

§ 10 «økosystemtilnærming og samla belastning»:

Enkelttiltaket det er søkt om har eit avgrensa omfang, men samla omfang av tilsvarande transportar vil kunne koma på eit nivå som gjer at ein ved fornying av køyreløyver må stille krav om tidlegare køyrefrist i denne delen av verneområdet. Vilkår om å unngå køyring dersom det er rein i køyretraseen, og gjennomføre transporten innan 10.mars, vil ulemper for verneverdiane vera små.

Med bakgrunn i denne saka, vil tidlegare køyrefrist for området nord for Aursjoen til Lortjønn – området, få følgjer for behandling av nye søknader. Den generelle køyrefirsten 20.april må bli vurdert ved revidering av forvaltningsplan for Reinheimen. Det er aktuelt med retningslinjer med ulike køyrefristar i ulike deler av verneområdet, av omsyn oppdatert kunnskap om villreinen sin bruk og trekk mellom funksjonsområdene.



Arkivsaksnummer: 2019/14983-21

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 10.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	17/2022	20.05.2022

Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - Godkjenning av skjøtelsplan for Muldalen og Muldalslia

Innstilling frå forvaltar

Reinheimen nasjonalparkstyre godkjenner vedlagt dokument «Skjøtelsplan for Muldalen (Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde) og innspel til forvaltning av Muldalslia naturreservat» Rapport 2022-18. Vedtaket er gjort med heimel i vedtekt for Reinheimen nasjonalparkstyre punkt 8.2, jf naturmangfoldlovens § 47.

Godkjent skjøtelsplan vil danne grunnlag for skjøtelsavtalar og søknad om midlar gjennom den årlege bestillingsdialogen med Miljødirektoratet.

--- slutt på innstilling ---



Bilde tatt inn Muldalen frå Muldalsgardane. Foto: Mari Melbø Rødstøl

Dokument i saka

- Utkast til «Skjøtselsplan for Muldalen (TafjordenReindalen landskapsvernområde) og innspel til forvaltning av Muldalslia naturreservat». 2022.
- Forvaltningsplan for Muldalslia naturreservat, 2005.
- MULDALSGARDENE OG MULDALÆTRA I TAFJORD, BIOLOGISK MANGFOLD OG FORSLAG TIL SKJØTSELSTILTAK. 2013.
- Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde Utkast til skjøtselsplan for Muldalen MU20190

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har forvaltningsansvaret for Muldalen i Tafjorden-Reindalen LVO og for Muldalslia naturreservat.

I 2018 starta arbeidet med revidering av skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen. Miljøfagleg utredning (MU) fekk i oppdrag å utarbeide skjøtselsplanar. Det vart laga eit utkast til skjøtselsplan for Muldalen i Tafjorden- Reindalen landskapsvernområde, som vart sendt på høyring. Dette arbeidet vart tatt opp igjen i 2021, og ein så da eit behov for å lage ein skjøtselsplan som implementerte Muldalslia naturreservat. Etter ei ny synfaring frå biologar i Miljøfagleg Utredning, og etter informasjonsmøter med grunneigare i Muldalen, er det no laga eit utkast til ny skjøtselsplan for både områda.

Dokumentet er delt i to delar, der ein tar for seg Muldalen i fyrste del og Muldalslia i andre del. Formålet for del ein har vore å få ei oppdatering av kunnskapen kring verdifulle naturtypar i landskapsvernområdet, både ved kvalitetssikring av kjende lokalitetar og ny vurdering av tilstand og skjøtselstrong. Formålet for del to har vore å få ei oppdatert vurdering av biologiske verdier i naturreservatet, med nye råd om prioritering av forvaltningstiltak. Skjøtselsplanane skal gje forvaltninga eit godt grunnlag for å kunne prioritere konkrete skjøtselstiltak i verneområda, som gir størst effekt for å ivareta naturtypar og artsmangfaldet for framtida.

Forslag til aktuelle skjøtselstiltak er basert på faglege vurderingar og innspel frå brukarar. Nasjonalparkstyret skal prioritere kva for tiltak som kan setjast i gang i samarbeid med brukarar og andre lokale aktørar. For gjennomføring av konkrete skjøtselstiltak vil ein vera avhengig av tett og godt samarbeid med lokale brukarar/aktørar og tilgjengelege ressursar.

Arbeidsform og framdrift

- Feltarbeid og kartlegging sommar 2018
- Oppstartsmøte og synfaring i Muldalen 10.08.19
- Oppsummering av feltarbeid, 30.11.18 med forvaltarar og SNO
- MU – 1 utkast 18.03.19, MU
- Gjennomgang skjøtselsplan 20.05.19 med forvaltarar og SNO
- MU – høyring med frist 11.11.2019
- Feltarbeid av MU i 2020 og 2021.
- Rapport frå MU «Biologisk befaring i Muldalslia naturreservat, Fjord kommune» MU, notat 2021-N38. 07.09.2021, på oppdrag frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen.
- Informasjonsmøte om skjøtselsplan for grunneigare i Tafjorden 03.03.2022
- Teamsmøte 11.03.2022 med Sissel Rogne og Ola Myklebost, som ikkje kunne kome på det fysiske møtet.

01.04.2022 var utkastet sendt på høyring og vi ba om innspel på:

- Forslag til aktuelle skjøtselstiltak.
- Fakta om arealbruk og arealbrukshistorikk som ikkje er nemnd i dokumentet.
- Andre merknadar, evt feil i teksten.

Høyringa vart sendt til desse adressatane:

Terje Systad
Martin Holmeset - Tafjord Kraft
Sissel Rogne
Kjell Jostein Vad
Magnar Jon Dyb
Audun H Walle
Are Tafjord
Geir Gaarder
Ola Myklebost
Jostein Martinus Tafjord
Britt Ingunn T Walle
Lars Petter Tafjord
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Tafjord kraft

Høyringsfrist vart sett til 29. april 2022.

Det kom ingen merknader til utkastet utover det som vart gitt på møtene.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 17.08.2015.

Verneformål – forskrift

Tafjorden – Reindalen Ivo

Formålet med opprettinga av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.

- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til rike lauvskoglier langs Tafjorden.

- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Muldalslia naturreservat

Formålet med fredinga er å ta vare på ei svært artsrik varmekjær lauvskogsli med det naturlege plante- og dyrelivet.

Forvaltningsplan

Planformål for Muldalslia:

Planens primære formål er å bevare den artsrike lauvskogen med tilhørende mangfold av arter. Som sekundære formål skal eventuelle andre naturverdier i området søkes bevart, samt andre bruksmåter tilgodesees. Verneformålet fanger generelt opp det biologiske mangfoldet og naturkvalitetene til området. Det er grunn til å presisere at verdiene ikke bare ligger i lauvskogen, men også er knyttet til bekkekjøfta til Juva (med norddalsmarikåpe) og rasmarkene. I tillegg er det viktig å være klar over at påviste naturverdier ikke bare omfatter karplanteflora, men også dyreliv (ikke minst flaggermus), marklevende og vedlevende sopp og lav, samt at området utvilsomt har potensiale for verdier knyttet til virvelløse dyr. Det vil for øvrig være et mål å bevare og utnytte utlagte prøveflater av Holten & Brevik (1998). Som andre bruksmåter ansees her i – 14 – første rekke bruken av vegen opp til Muldal med tilhørende kulturminneverdi, samt vedhogst for å være mest aktuelle. Ambisjonsnivået for ressursinnsats i forhold til skjøtsel og andre aktive, kostnadskrevenne tiltak for å fremme verneformålet settes lavt for naturverdiene, d.v.s. ingen faste, årlige tiltak og en gjennomsnittlig innsats som ligger ned mot 1-3 dagsverk pr. år. I tillegg vil det trolig kreve noe større innsats for å holde kjerrevegen opp til Muldal i akseptabel stand.

Naturmangfaldlova

Skjøtselsplan for Muldalen og Muldalslia er i sin heilheit innretta for å ta vare på biologiske verdier og det er ikkje funne relevant å vurdere skjøtselsplanen etter naturmangfoldlovens miljørettslige prinsipper i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samlet belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringelse bæres av tiltakshaver samt miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder), jamfør § 7.

Naturmangfoldlovens § 47 om skjøtsel i verneområder

«I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak.

Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak. Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf. Berører skjøtselstiltak privat eiendom eller rettigheter i verneområdet, skal eieren eller rettighetshaveren så vidt mulig (211) varsles på forhånd.

Økonomiske fordeler ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfaller grunneieren eller rettighetshaveren. Beslutninger om å iverksette skjøtselstiltak etter første og andre ledd er ikke enkeltvedtak. Utkast til plan for skjøtsel av verneområdet skal om mulig legges frem samtidig med at verneforskriften blir fastsatt.»

Presedens

I enkeltsaker skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknede tiltak i verneområdet. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

Heilskaplege kulturlandskap som blir skjøtta på tradisjonelt vis, er i tilbakegang i Norge. Alle dei seminaturlege naturtypene er klassifisert som trua på Norsk rødliste for naturtyper 2018 (Hovstad mfl. 2018). Det er opphør av bruk som fører til gjengroing, som er vurdert å være den største trusselen for denne naturtypen (Hovstad mfl. 2018).

Miljøfaglig Utredning AS har utarbeida forslag til skjøtselsplan med ei prioriteringsliste for Muldalen og Muldalslia.

Forslag til prioritering av tiltak er som følgjer: 1. Auka vassføring i Muldalsfossen, 2. Tiltak mot hjortebeiting på alm, 3. Tiltak mot innvandring av platanlønn i reservatet, 4. Skjøtsel av tidlegare styva almetre, 5. Skjøtsel av semi-naturleg eng på Muldal- og Tafjordsætra, 6. Skjøtsel av semi-naturleg eng på Muldalsgardane. Forslaga er ei tilråding frå biologane og ikkje bindande.

Forvaltar legg til grunn at ein godkjent skjøtselsplan vil styrke søknad om midlar til skjøtsel. Det vil være viktig at nasjonalparkstyret følgjer opp skjøtelsplana med tilstrekkelege ressursar, både i oppfølginga av bevaringsmål og med midlar til dei konkrete skjøtelstiltaka, for at det biologiske mangfoldet knytta til kulturlandskapet kan oppretthaldast.

Forvaltar tilrår at Reinheimen nasjonalparkstyre godkjenner det endelege utkastet til «Skjøtselsplan for Muldalen (TafjordenReindalen landskapsvernområde) og innspel til forvaltning av Muldalslia naturreservat» Rapport 2022 – 18.


Skjøtselsplan for Muldalen (Tafjorden- Reindalen landskapsvernområde) og innspel til forvaltning av Muldalslia naturreservat

Utkast



Miljøfaglig
Utredning

Rapport MU2022-18



Framsídebíle

Tafjordsætra sett frá Muldalssætra. Desse setrane låg í sí tíð í lag, men snøskred gjorde at Muldalssætra vart flytta til sørsíða av elva. Tafjordsætra ligg ídyllick til på ein svakt forma terrasse í lia, med tynt skogkledd rasmark ovanfor. Foto: Geir Gaarder.

RAPPORT 2022-18

Utførende institusjon: Miljøfaglig Utredning AS	Prosjektansvarleg: Geir Gaarder
	Prosjektmedarbeidar(ar): John Bjarne Jordal
Oppdragsgjevar: Nasjonalparkstyret for Reinheimen	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Mari Melbø Rødstøl
Referanse: Gaarder, G. & Jordal J.B. 2022. Skjøtselsplan for Muldalen (Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde) og innspel til forvaltning av Muldalslia naturreservat. Miljøfaglig Utredning, rapport 2022-18. 45 s. ISBN 978-82-345-0256-9.	
Referat: <p>Del 1. Det er utarbeidd eit utkast til skjøtselsplan for Muldalen i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde, Fjord kommune, med grunnlag i synfaring saman med nasjonalparkforvaltaren og sætereigarar, samt kartlegging av naturverdiar (inkludert kartlegging av Tafjordsætra etter NiN2.1) hausten 2018. Planen skal vurderast av nasjonalparkstyret før godkjenning. Planen er delt i tre, der første delen er ei generell skildring av dalføret, medan dei to siste delane tek for seg kulturlandskapet på Muldal- og Tafjordsætra og Muldalen, med tilhøyrande forslag til skjøtselsplanar. Det er ikkje funne fagleg grunnlag for å utarbeide nokon skjøtselsplan for eit heilskapleg kulturlandskap i dalen, eller å utarbeide ein delplan for Storhaugen, der bruk nr. 2 i Muldalen har sett opp hytte. Det er sett opp forslag til bevaringsmål for både landskap, naturtypar, artar og bygningsmiljø. For kvart einskild mål er det føreslege konkrete skjøtsels- og bevaringstiltak for å nå måla, samt vist til metodar for å finna ut kor godt måla vert nådd.</p> <p>Muldalen er ein veglaus sidedal til Tafjorden, der det no går svært lite dyr att på utmarksbeite. Omtrent heile dalføret er i attgroing, med unntak av nokre små engareal nær Muldalsgarden, som framleis vert slått. Det er tidlegare registrert tre verdifulle naturtypelokalitetar knytt til Tafjordsætra og Muldalen. Alle vart reinventert i 2018 og Muldal- og Tafjordsætra har fått ny skildring og avgrensing. Det er sett fram forslag til skjøtselstiltak for å ta vare på naturverdiane i områda.</p> <p>Bygningsmiljøet på både Muldal- og Tafjordsætra og i Muldalen verker godt tekne vare på. Gardstunet på Muldalen er rekna som eit regionalt verdifullt kulturminne, medan det er automatisk verna kulturminne på Muldal- og Tafjordsætra. Husa er begge plassar truleg i stor grad haldne ved like i samsvar med lokal byggeskikk. Den opphavlege sætervegen på nordsida av dalen gror att, men for den nye sætervegen og turstien opp til Muldal- og Tafjordsætra er det i planen sett fram einskilde forslag om vedlikehald.</p>	



Del 2. I forvaltningsplanen for Muldalslia naturreservat (Fjord kommune, Møre og Romsdal) står at reservatet skal synfarast av kompetent biolog minst kvart 10. år. Vi omtalar resultat etter synfaring 4.9.2021. Det vert peika særleg på alvorleg tilstand for bestandane av alm, som også er eit sterkt truga treslag. Almen vert her utsett for kraftig borkgnag av hjort i vinterhalvåret. Om almen skal overleva bør tiltak setjast inn, m.a. mot vinterbestandar av hjort. Vidare har den endemiske og raudlista sunnmørsmarikåpa ein av sine truleg viktigaste bestandar i Juva, som dels ligg i Muldalslia naturreservat, dels i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde. Denne arten finst i praksis berre i gamle Norddal kommune, dvs. Herdalen/Dyrdalen i Dalsbygda og i/rundt Tafjorden. Habitatet til arten er i hovudsak i fosseberg, fosseenger og sprutpåverka flaummark langs elvar og bekker. Av alle norske karplantar er denne arten truleg den som er sterkast knytt til fosserøyk ved fossar og rasktstrøymande vassdrag. I Juva er truleg bestanden i tilbakegang pga. **Låg** vassføring i periodar. All auke i vassføring vil vera positivt og ønskjeleg for å sikra bestanden på lengre sikt. Arten bør kartleggast grundigare og overvakast her. Reservatet er eit av dei siste i regionen utan framande arter, men platanlønn finst i nærområdet søraust for Skjeggghammaren mot Tafjordbygda. Arten bør overvakast og tiltak bør settast inn før platanlønna når reservatet.

Prioritering av tiltak. Vi foreslår å prioritere tiltak i følgjande rekkjefølgje: 1. Auka vassføring i Muldalsfossen, 2. Tiltak mot hjortebeiting på alm, 3. Tiltak mot innvandring av platanlønn i reservatet, 4. Skjøtsel av tidlegare styva almetre, 5. Skjøtsel av semi-naturleg eng på Muldal- og Tafjordsætra, 6. Skjøtsel av semi-naturleg eng på Muldalsgardane.

FØREORD

Miljøfaglig Utredning AS har utført (del 1) ei kartlegging av naturtypar og naturverdiar i kulturlandskapet i Muldalen i Norddal kommune, innanfor Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde i Møre og Romsdal fylke, og har dessutan utført (del 2) ei biologisk synfaring i Muldalslia naturreservat. Kartleggingane er utført på oppdrag frå Nasjonalparkstyret for Reinheimen. Formålet for del 1 har vore å få ei oppdatering av kunnskapen kring verdifulle naturtypar i landskapsvernområdet, både ved kvalitetssikring av kjende lokalitetar og ny vurdering av tilstand og skjøtselstrong. Formålet for del 2 har vore å få ei oppdatert vurdering av biologiske verdiar i naturreservatet, med nye råd om prioritering av forvaltningstiltak.

Kontaktperson hos nasjonalparkstyret har vore nasjonalparkforvaltar Mari Melbø Rødstøl, som vert takka for bidrag og informasjon om prosjektet. Prosjektansvarlege frå Miljøfaglig Utredning har vore Geir Gaarder (del 1) og John Bjarne Jordal (del 2).

Ein stor takk rettast til grunneigarar på Tafjordsætra og andre som deltok på synfaringa 10 august 2019 og kom med mange nyttige innspel i prosessen (del 1). I tillegg ein stor takk til Sissel Rogne og Ola Myklebust for informasjon om tidlegare og noverande bruk av Muldalen, og innspel etter første utgåve av skjøtelsplanen, samt i samband med grunneigarmøte 3. mars 2022. Michaelsen Biometrika AS v/Tore C. Michaelsen vert takka for bidrag til del 2. Oddvar Hanssen ved NINA, Trondheim, vert takka for artsbestemming av almesplintborar etter foto av gnag, og vidare opplysningar om arten.

Tingvoll, 14.03.2022

Miljøfaglig Utredning AS

Geir Gaarder

John Bjarne Jordal

INNHALD

1	SKJØTSELSPLAN FOR MULDALEN.....	8
1.1	INNLEIING	8
1.2	METODE	9
1.2.1	Registrering og datainnsamling	9
1.2.2	Oppbygging av planane	9
1.2.3	Om bevaringsmål.....	9
1.3	TAFJORDEN-REINDALEN LVO	11
1.3.1	Forvaltningsstatus.....	11
1.3.2	Overordna skildring av landskapet	11
1.3.3	Arealbruk og arealbrukshistorikk.....	13
1.3.4	Muldalen som heilskapleg kulturlandskap	14
1.4	LOKALITETSSKILDINGAR.....	17
1.4.1	Muldal- og Tafjordsætra BN00008431	17
1.4.2	Muldal nord BN00003779	18
1.4.3	Muldal sør BN00069262	19
1.5	SKJØTSELSPLAN FOR MULDAL- OG TAFJORDSÆTRA	21
1.5.1	Historikk/skildring.....	21
1.5.2	NiN-kartlegging.....	21
1.5.3	Naturtypelokalitetar og naturverdiar	22
1.5.4	Bevaringsmål	23
1.5.5	Nærare skildring av einskilde skjøtselstiltak.....	24
1.6	SKJØTSELSPLAN FOR MULDALEN	26
1.6.1	Historikk/skildring.....	26
1.6.2	NiN-kartlegging.....	26
1.6.3	Naturtypelokalitetar og naturverdiar	26
1.6.4	Bevaringsmål	27
1.6.5	Skjøtselstiltak.....	29
2	FORVALTNINGSINNSPEL TIL MULDALSLIA NATURRESERVAT	32
2.1	INNLEIING	32
2.2	EKSISTERANDE DATA	32
2.3	STATUS FOR ALM, HENGEBJØRK OG OSP	34
2.3.1	Alm.....	34
2.3.2	Hengebjørk	37
2.3.3	Osp.....	37
2.4	STATUS FOR SUNNMØRSMARIKÅPE.....	39
2.4.1	Sunnmørsmarikåpe – ein endemisk art i Fjord kommune.....	39
2.4.2	Eksisterande data og eigne undersøkingar 2020.....	39
2.5	RAUDLISTEARTAR	41
2.6	FRAMANDE ARTAR.....	42
2.7	FORSLAG TIL FORVALTNINGSTILTAK	43
2.7.1	Alm.....	43
2.7.2	Sunnmørsmarikåpe.....	43
2.7.3	Platanlønn.....	43
2.7.4	Store tre nær vegen.....	43

3	PRIORITERING AV TILTAK.....	44
4	KJELDER.....	45
4.1	SKRIFTLIGE KJELDER.....	45
4.2	MUNNLEGE KJELDER	46

1 SKJØTSELSPLAN FOR MULDALEN

1.1 Innleiing

Heilskaplege kulturlandskap som vert skjøtta på tradisjonelt vis er i tilbakegang i Noreg. Alle dei semi-naturlege naturtypene (som semi-naturleg eng) er registrert på raudlista for naturtypar som truga. Det er opphøyr av bruk som førar til attgroing som er rekna for å vere det største trugsmålet for slike naturtypar (Hovstad mfl. 2018). Dei semi-naturlege naturtypene er habitat(heimstad) for mange truga og nær truga karplantar, sopp og insekt. Spesielt blomerike enger har eit høgt artsmangfald, men også heiane er viktige for både insekt og sopp.

Ein skjøtseleksplan har som føremål å oppretthalde kvalitetane i kulturlandskapet og restaurere areal som har fått ein redusert kvalitet. Det er berre gjennom forsiktig og rett bruk av kulturlandskapet at ein kan ta vare på dei semi-naturlege naturtypene og artsmangfaldet som førekjem der for framtida.

Denne skjøtseleksplanen er delt inn i tre delar, splitta opp mellom Muldal- og Tafjordsætra og det nedlagte gardsbruket Muldalen. I tillegg er det ein meir generell omtale av naturverdiane i dalføret.

Merknad: I rapporten har vi valt å nytte konsekvent namnet Muldal- og Tafjordsætra for den noverande sætergrenda på nordsida av elva, og Storhaugen for hytta/sætra på sørsida av elva. Opphavleg låg seterhusa til desse to sætrane heilt inntil kvarandre, og namnebruken kunne variera (alt etter korleis folk var knytt til dei ulike sætrane), men etter at eit snøskred tok husa på Muldalssætra vinteren 1980/81 vart den flytta til sørsida av elva.



Figur 1 Eit av stølshusa på Tafjordsætra, med torv på taket og umåla vegger. Foto: Geir Gaarder

1.2 Metode

1.2.1 Registrering og datainnsamling

Det vart arrangert oppstartsmøte kombinert med synfaring i Muldalen 10.08.2018 av nasjonalparkforvaltaren for Reinheimen. Under synfaringa kom det fram opplysningar om brukshistorie, sæterdrift og ein del anna. Dette vart notert fortløpande både av nasjonalparkforvaltar og innleigd konsulent. Nasjonalparkforvaltar summerte dette opp i referatet frå synfaringa av 14.08.2018.

Tafjordsætra (og Muldalssætra) og innmarka på Muldalen vart undersøkt same dag som synfaringa. Det regna jamnt heile dagen, noko som var uheldig, men truleg i berre avgrensa grad reduserte kvaliteten på kartlegginga. På Muldal- og Tafjordsætra vart kulturmarknaturtypar kartlagt etter NiN-metoden (NiN versjon 2.1) ved hjelp av NiN-app (ein applikasjon produsert av Miljødirektoratet). Det var ikkje noko liknande tilgjengeleg for Muldalen, så der vart det berre gjort ei meir grov synfaring, og i områdeomtalen og framlegg til skjøtelsplan er Vatne (2013) si registrering i fyrste rekkje lagt til grunn. I tillegg vart artsmangfaldet knytt til kulturlandskapsområde registrert, med vekt på raudlisteartar og framande artar. Utanom eigen synfaring og Vatne (2013) si kartlegging, så er dei viktigaste biologiske kjeldene for dalføret den kommunale naturtypekartlegginga til Holtan & Grimstad (2000), samt Jordal (2011) si undersøking av kulturlandskapet på Muldalen. I tillegg kjem kontakt med lokale grunneigarar.

Raudlistekategoriar:

RE – Regionalt utrydda (Regionally Extinct)
CR – Kritisk truga (Critically Endangered)
EN – Sterkt truga (Endangered)
VU – Sårbar (Vulnerable)
NT – Nær truga (Near Threatened)
DD – Datamangel (Data Deficient)

1.2.2 Oppbygging av planane

Planen startar med ein kortfatta gjennomgang av forvaltningsstatus for landskapsvernområdet. Deretter følgjer ein overordna landskapsskildring, før dagens arealbruk og brukshistoria til området vert gjennomgått. På slutten av den generelle delen kjem bevaringsmål og forslag til overordna tiltak.

Skjøtelsplanane for dei to kulturlandskapsområda Muldalen og Muldal- og Tafjordsætra er bygd opp på denne måten:

1. Historikk/skildring
2. Resultat frå NiN-kartlegginga.
3. Naturtypelokalitetar og naturkvalitetar
4. Bevaringsmål og skjøtselstiltak

1.2.3 Om bevaringsmål

DN-Handbok 17-2008 (Direktoratet for naturforvaltning 2008) inneheld ein definisjon av omgrepet bevaringsmål:

”Bevaringsmål definerer den tilstanden en ønsker en naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal være målbare. Det vil si at de skal presiseres gjennom mål for areal, nødvendige strukturer/prosesser og/eller forekomster av bestemte arter osv.”

Handboka er fokusert på naturkvalitetane i verneområda, men tek også for seg biologiske kvalitetar knytt til kulturpåverknad, som ofte inngår i verneformåla til landskapsvernområde. Dette kan vere ulike typar av kulturmark, beite, styvingstre mv. Vegleiarer gjev mindre hjelp for å lage bevaringsmål til fysiske konstruksjonar som bygningar, gjerde, vatningsanlegg, bruer o.l. Slike anlegg og

konstruksjonar er vanlegvis omtala som viktige vernekvalitetar i formålet for vern av landskapsvernområda.

Forklaring til tabellane nytta i skjøttselsplanane:

Tilstandsvariablane gjev ei oppdeling av vernekvalitetane som det er ønskjeleg å utvikle bevaringsmål for. Ei slik deling er naudsynt fordi ulike typar av kvalitetar krev ulike skildringar av mål, oppfølging m.m. Tilstandsvariablane er gruppert med grunnlag i NiN-tilstandsvariablar.

Bevaringsmåla uttrykker kva utvikling ein ønskjer for området, anten dette gjeld vern, fjerning eller vidareutvikling. Vi har prøvd å få kvantifisert desse for å sikre at både status og eventuell ønska/uønska endring er målbar.

Metode visar til korleis status og eventuell utvikling kan og bør målast/registrerast.

Tilstandsklasse er ein tredelt oppdeling av tilstand som etter ei registrering gjer det mogleg å seie om vernekvaliteten er oppretthalden eller har utvikla seg negativt eller positivt. Der vernekvaliteten har vist ein negativ utvikling over tid og enda i ein lågare tilstandsklasse enn ved vernetidspunktet, kan det vere aktuelt å gå inn med tiltak.

Aktuelle tiltak er forslag til tiltak som kan snu eller stanse ei uheldig utvikling.



Figur 2 Litl-leet, eit gammalt stengsel på stien opp mot Muldal- og Tafjordsætra. Det gror no att, men er framleis synleg som eit minne om tidlegare høgare utnytting av dalføret. Foto: Geir Gaarder

1.3 Tafjorden-Reindalen LVO

1.3.1 Forvaltningsstatus

Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde (LVO) vart etablert i 2006. I følgje verneforskrifa er føremålet å:

- «ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der sæterhus, sætervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til rike lauvskoglier langs Tafjorden
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»


Det vart utarbeid skjøtselsplan for kulturlandskapet i Muldalen (gardsbruka, samt Tafjordsætra) i 2013 (Vatne 2013).

1.3.2 Overordna skildring av landskapet


Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er delvis verna av omsyn til den interessante geologien, men det er ikkje Muldalen som er årsaka til dette. Her er det derimot ganske ordinær, lite spanande geologi som er meir typisk for store delar av Vestlandet. Gneisbergartar er dominerande, og sjølv om gneis har ein stor variasjon i seg sjølv (til dømes finst det utgåver med ganske høgt kalkinnhald lenger ut i Storfjorden), så er vi ikkje kjent med at gneisen i Muldalen er spesiell. M.a. er det innslaget av olivinstein som er av interesse i verneområdet, og ein liten slik førekomst ligg riktig nok også i Muldalen, ved Raudnakken høgt oppe i lia sør for Muldal- og Tafjordsætra, men dette fell utanfor områda som vert vektlagt i denne rapporten.

Når det gjeld lausmassar så er det mest morenemateriale av varierende tjukkeleik i Muldalen. I tillegg er liene i dalen såpass bratte at det er ein del skredmateriale der, og til dømes er det delvis opne skredmarker med mykje stein og blokkmark rett på nordsida av Muldal- og Tafjordsætra. Frå Sæternakken på oversida kan det også snøskred ned i dalbotnen, noko som var årsaka til at husa på Muldalssætra i si tid vart flytta over til Storhaugen på sørsida av elva, etter at bygningane der vart tekne av skred vinteren 1980/81.

Vidare ligg Muldalen mest i mellomboreal til nordboreal vegetasjonssone. Nedst, ved gardbruk, kan det nok vere sørboreal, og mykje av dalbotnen til innafor Muldal- og Tafjordsætra er i mellomboreal sone. I tillegg ligg dalen i overgangen mellom svakt oseanisk vegetasjonsseksjon og overgangsseksjonen mot kontinentale seksjonar. I praksis tyder dette at det er lite varmekjær vegetasjon her. Det er også lite å finne både av utprega oseaniske og kontinentale artar.



Figur 3 Berggrunn i og inntil Muldalen, henta frå www.ngu.no



Figur 4 Lausmassekart for områda i og inntil Muldalen, henta frå www.ngu.no

1.3.3 Arealbruk og arealbrukshistorikk

Vatne (2013) har samla noko historisk informasjon om Muldalen. Han skriv at det finst informasjon om drift der attende til 1526. I nyare tid skriv Jordal (2011) at begge gardsbruka hadde ein hest, 7 kyr, 6 sauar og 3 geiter, og at dyretalet verka å vera ganske uendra fram til 1957. Deretter var det reint geitehald fram til drifta på gardsbruka tok slutt i 1970.


Ei sentral kjelde for historikken til setrene i dalen har vore den store boka om setrane i Norddal (Aspehjel m.fl. 2012), som også tek for seg Muldal- og Tafjordsætra. I følgje denne var det setring på Muldalssætra fram til 1964 og Tafjordsætra fram til 1948. Deretter har sætervollen vore nytta som husdyrbeite. Det var vanleg med både ku og geit på alle setrane, og på Muldalssætra hadde dei også gris. Husdyrbeitet i nyare tid har derimot vore av sau. Sjølv sætervollen var tidlegare slåttemark, og her kunne brukarane i Muldal ta ned 12-13 store høyllass kvar vinter.

Vatne (2013) skriv vidare at sau beita i dalføret fram til 2008. Dette gjeld utmarka og helst all innmark som ikkje vart inngjerda, dvs både sætervollen på Tafjordsætra og mykje av innmarka i Muldalen etter at drifta der tok slutt. Han skriv også at det var mykje utmarksslått her før i tida, og at det vart slått «alle plassar det var mogeleg å slå.»

Både stølsdrifta og gardsbruka har tidlegare kravd store mengder ved og tømmer i den grad dette fanst i skogen. Gamle bilete viser at det var mykje mindre skog her tidlegare og nyare registreringar av biologisk mangfald har ikkje funne grunnlag for å avgrense lokalitetar med gammal skog i dalføret. Truleg har det vore periodar omtrent utan biologisk gamle tre og generelt svært lite daudt trevirke i dalføret. No veks det att for fullt og medan artsmangfaldet knytt til opne landskap er i retur, er det nok truleg eit aukande innslag av artar som trivst i gammal lauvskog her. Det er i så måte truleg typisk at det under synfaringa i august vart funne indigoraudspore *Entoloma euchroum* på ei daud gråor langs elva like ovanfor Muldal, ein gammalskogstilknytta art som står på den nasjonale raudlista som nær truga (NT).

Fleire bruk har tidlegare hatt setring på Tafjordsætra og fortsatt står ein god del av husa att. Møre og Romsdal fylkeskommune (2019) reknar ikkje Muldal- og Tafjordsætra som eit regionalt verdifullt kulturmiljø, men det uvanleg store talet på ståande bygningar gir sætra stor opplevingsverdi. I tillegg er det automatisk verna kulturminne frå vikingetida her


(<https://riksantikvaren.maps.arcgis.com/home/webmap/viewer.html?webmap=82835f6c7e794c44a2192bdb111d41b5>). Under synfaringa i 2018 vart det registrert i alt 7 hytter/sæterhus, 5 uthus (inkludert ein utedo) og 6 ruinar og tufter etter tidlegare bygningar, sjå oversikt på figur 5 under.



Figur 5 NiN-kart over Muldal- og Tafjordsætra, her med innlagte nummer til ulike bygningar og ruinar på setra. (det vart teke foto av alle under synfaringa i 2018, dels frå ulike vinklar).

1.3.4 Muldalen som heilskapleg kulturlandskap

Muldalen har, som dei fleste andre fjelldalar i Sør-Noreg, inntil nyleg hatt karakter av eit heilskapleg kulturlandskap, med skjøtta innmarker rundt gardsbruk og setrer, ferdselsårer ned til meir lågareliggjande gardsbruk og ei aktiv utnytting av utmarka til beite, fôrsanking, ved og tømmer. I takt med at sæterdrifta og gardsbruka har vorte nedlagt, bruken av utmarka har gått sterkt attende, medan ulike meir moderne inngrep har kome i staden, er dette no ofte sterkt endra.

Det som no pregar Muldalen er attgroing og moderne bruksformer som friluftsliv og kraftproduksjon. Sæterdrifta tok slutt for over 70 år sidan og gardsbruka vart nedlagt for snart 50 år sidan. I staden har ein fått regulering og langt på veg tørrlegging av vassdraget i nedre delar av dalen. Stien innover dalen er lagt om, men er i aktiv bruk og ganske godt vedlikehalden. Bygningane på gardsbruka og setrene blir dels haldne godt ved like, men nokre står til nedfalls. Noko av innmarka på Muldalen ved skjøtta, men i avgrensa grad på tradisjonelt vis. På den andre sida så er det ikkje nokre bil- eller traktorveggar i dalføret, og det er nesten ikkje sett opp nye bygningar her dei siste 50 åra, og t.d. knapt moderne hytter. Det har heller ikkje vore hogst i skogen på mange ti-år, bortsett frå å ta litt ved heilt lokalt. 

Samla sett står difor ikkje Muldalen fram som noko heilskapleg kulturlandskap lenger. Tvert i mot har dette vorte eit dalføre som naturen er på full veg til å ta attende. Når ein ser bort frå kraftutbygginga i nedre del av dalen, står Muldalen i våre dagar i første rekkje fram som eit døme på eit tidlegare ganske intensivt utnyttta landskap, men som no er lite påverka av moderne inngrep. Med grunnlag i dette vert det vurdert at det ikkje er relevant å kome med råd om forvaltning av eit heilskapleg kulturlandskap i Muldalen.

Det er likevel relevant å kome med einskilde forvaltningsråd i dalføret, utanfor dei to verdifulle kulturlandskapsområda. I fyrste rekkje gjeld det stien inn til Muldal- og Tafjordsætra som treng regelmessig vedlikehald. Dels har det vorte noko erosjon i sjølve stien, som lokalt kan ha trong for opp-pussing (sjå døme på figur 6 under), og ikkje minst er det fleire klopper og bruer som må haldast i orden. Nokre av kloppene har vore bygd opp att nyleg, sjå døme i figur 7, og dei verka gjennomgåande i god stand under synfaring. Både slitasje og flaum vil likevel føre til at dei treng jamnleg tilsyn og ein må vere førebudd på at heile eller delar må skiftast ut eller byggast opp att år om anna.



Figur 6 Parti av stien inn til Muldal- og Tafjordsætra der vatnet har fått tak og grove seg ned i lausmassane. Ikkje minst kan det vere trong for å leie vatnet vekk frå stien slik at det ikkje grev enno meir. Truleg er det vanskeleg å gjere noko meir med den delen som alt har vorte skada, utan å frakte hit massar og fylle att. Foto: Geir Gaarder



Figur 7 Den vestlegaste av kloppene inne ved Muldal- og Tafjordsætra. Her vart underlaget skifta tidlegare i 2018. Foto: Geir Gaarder



Figur 8 Ei lita klopp over ein flaumbekk langs stien inn til Muldal- og Tafjordsætra. Det er naudsynt med fast vedlikehald av både denne og eit par andre klopper og bruer den siste strekninga fram til sætra, inkludert brua som går over hovudelva. Foto: Geir Gaarder



Figur 9 Brua over hovudelva. Den er ganske godt vedlikehalden, men har stått her nokre år. Foto: Geir Gaarder

1.4 Lokalitetsskildringar

På dei neste sidene følgjer faktaark for alle registrerte naturtypelokalitetar registrert i Muldalen (skrevet på bokmål).

1.4.1 Muldal- og Tafjordsætra BN00008431

Naturtype: Naturbeitemark

Areal: 42,3 daa (T32-3 6,2 daa, T32-4 26,8 daa, T41-1 6,1 daa, V11-1 3,2 daa)

Innledning: Lokaliteten ble først kartlagt og beskrevet av Holtan og Grimstad (2000) som del av den kommunale naturtypekartleggingen. Beskrivelsen ble revidert av Steinar Vatne i oktober 2013 (Vatne 2013), bl.a. på bakgrunn av eget feltarbeid 22.8.2013, samt kontakt med grunneierne, i forbindelse med kartlegging av kulturlandskap i Muldalen på oppdrag for Nasjonalparkstyret for Reinheimen. En ny revisjon er gjort av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning i desember 2018, med grunnlag i bl.a. egen befaring 10.08.2018, på oppdrag for Nasjonalparkstyret for Reinheimen. Sistnevnte revisjon innebærer mindre endringer av avgrensning og en oppdatering av naturtyper etter NiN2.1, samt bruk av ny verdsettingsmetodikk. Rødlistestatus for arter følger rødlista fra 2021 og for naturtyper rødlista for 2018, samt at fremmedartslista fra 2018 er benyttet.

Beliggenhet: Lokaliteten ligger innenfor Tafjorden-Reinheimen Landskapsvernområde, og omfatter den østre delen av sætervollen rundt Muldalsætra og Tafjordsætra i midtre del av Muldalen. Den er avgrensa av Muldalselva i sør, noe skjønsmessig mot sølvbunkeeng i vest, mot bjørkeskog i øst og steinur i nord. Berggrunnen er diorittisk til granittisk gneis, men lokaliteten ligger for det meste på løsmasser fra morene og steinur. Området ligger trolig i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og i overgangssekksjonen mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjoner (OC).

Naturtyper: Vatne (2013) beskrev naturtypen som en beitemark med utforming svak lågurt beiteeng (T4-2), med frisk fattigeng (G4). Etter NiN2.1 vurderes det meste i 2018 å være intermediær semi-naturlig eng med klart hevdpreg (T32-4), og da dels i brakkleggingsfase og dels i en tidlig gjen-groingsfase. Et parti lengst vest vurderes å være intermediær semi-naturlig eng med bare svakt hevdpreg og i tidlig gjengroing. I tillegg er nå arealene rundt husene skilt ut som englignende oppdyrket mark (T41-1) som følge av mye tråkk og stort sett fravær av arter typiske for semi-naturlig eng, samt et areal nordvest for husene som et kalkfattig torvtak (V11-1).

Artsmangfold: Holtan og Grimstad (2000) fant her ei hvitkurle (VU) i lyngmark øst for setra, samt natureng- og fjellplantene øyentrøst, aksfrytle, bergveronika, blåklokke, bråtestarr, fjellmarikåpe, gulaks, legeveronika, seterarve og tepperot. I 2013 ble det i tillegg funnet ryllik, blåkoll, hårsveve, setergråurt, jonsokkoll, engsyre, fjøllblom, småengkall, finnskjøgg, kattedot og trefingerurt. Hvitkurle ble ikke gjenfunnet. Av beitemarksopp ble det kun registrert kjeglevokssopp. Av trær finnes bjørk, rogn, selje og gråor, og einer. Det ble ikke gjort nye, spesielle funn av interesse i 2018.

Påvirkning: Lokaliteten antas å ha lang kontinuitet som slåtte- og beitemark fram til 1940-tallet, og har fram til 2009 vært beita av sau. Enga er i dårlig hevd og under gjengroing. Stedvis er det sterkt gjengroingspreg med mye bringebær, firkantperikum, sølvbunke, noe stornesle og tyrihjelms i fuktigere parti, mens flere tørre parti gror igjen med lyngplanter. Bjørk og gråor er i ferd med å spre seg vidare innover beitemarka, til tross for noe vedhogst og rydding. Noe av arealet rundt sæterbygningene blir slått med gressklipper, og det er antagelig punktsprøyta rundt steiner på tunet.

Fremmede arter: Ingen registrert, men et lite granplantefelt (ikke stedegen art) står i utkanten av lokaliteten. Flere av trærne er sterkt skadd eller drept av hjort.

Landskap: Lokaliteten er gjenværende rest av et tidligere større, åpent kulturlandskap i Muldal. I dag består dalen i stor grad av andre naturtyper.

Verdibegrunnelse: Vatne (2013) vurderte lokaliteten som middels stor og er artsrik, men naturengplantene er i tilbakegang. Det er et potensiale for funn av rødlista beitemarksopp. Lokaliteten vurderes derfor å ha verdi B-viktig, men den står i fare for å gå tapt om ikke skjøtsel gjenopptas. I 2018 vurderes lokaliteten med grunnlag i faktaark for naturbeitemark fra høsten 2014 for å ha høy vekt på størrelse (33 daa med semi-naturlig eng), lav vekt på artsmangfold og rødlistearter, samt tilstand, og middels vekt på påvirkning. Dette gir samlet verdi lokalt viktig – C, men ut fra en skjønnsmessig vurdering av potensialet for rødlistearter (blant beitemarksopp) her, så settes denne opp til viktig – B.

Forslag til skjøtsel: Vatne (2013) mener beiting, slått og hogst er avgjørende for at naturverdiene skal opprettholdes. Den bør holdes fri for oppslag, og det er positivt med et stort uttak av bjørk og gråor, særlig i kantsonene og tette treklynger. Grana i kantsonen bør fjernes for å hindre spredning til enga. Det beste for naturverdiene ville vært at lokaliteten beites, men dette er for tiden ikke aktuelt. Alternativt vil slått (tohjulstraktor og ljå) og fjerning av graset på mindre overkommelige arealer kunne opprettholde noen av de mest artsrike partiene. Lokaliteten må ikke gjødsles eller sprøytes.

1.4.2 Muldal nord BN0003779

Naturtype: Slåttemark

Areal: 2,5 daa

Innledning: Lokaliteten ble først kartlagt og beskrevet av Steinar Vatne i oktober 2013 (Vatne 2013), bl.a. på bakgrunn av eget feltarbeid 22.8.2013, samt kontakt med grunneierne, i forbindelse med kartlegging av kulturlandskap i Muldalen på oppdrag for Nasjonalparkstyret for Reinheimen. En ny revisjon er gjort av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning i desember 2018, med grunnlag i bl.a. egen befaring 10.08.2018, på oppdrag for Nasjonalparkstyret for Reinheimen. Sistnevnte revisjon innebærer mindre endringer av avgrensning og en oppdatering av naturtyper etter NiN2.1, samt bruk av ny verdsettingsmetodikk. Rødlistestatus for arter følger rødlista fra 2021 og for naturtyper rødlista for 2018, samt at fremmedartslista fra 2018 er benyttet.

Beliggenhet: Lokaliteten ligger innenfor Tafjorden-Reinheimen Landskapsvernområde. Den omfatter en stripe av slåttemark på begge sider av traktorveien NØ for Muldalsgardene. Den er avgrensa av en liten bekk mot nord, vest og sør, men mot øst er det en gradvis, og uklar overgang mot mer næringsrik innmark. Arealet er ganske flatt, med unntak av noe grunnlendt berg langs veien (øyegneis). Den overflatedyrka, grunnlendte delen av enga antas å ha vært i hevd som slåttemark over lang tid.

Naturtyper: Vatne (2013) beskrev naturtypen som ei slåttemark med utforming svak lågurt slåtteeeng (T4-2), og fremstår som en kantsone (kulturmarkskant) mot eng med preg av gjødsling/jordbearbeiding. Vegetasjonstypene har tendenser av Frisk middels baserik eng G7 men er i hovedsak Frisk fattigeng G4, samt noe Frisk næringsrik "gammeleng" G14 (pga. næringsopphopning eller tidligere fulldyrka eng). Etter NiN2.1 vurderes det meste i 2018 å være svakt kalkrik semi-naturlig eng med svakt preg av gjødsling (T32-21), og da dels i brakkleggingsfase og dels i en tidlig gjengroingsfase.

Artsmangfold: På nordvestsida av veien er det tett oppslag av bjørk, rogn og vier. Av viktige arter blei det funnet brudespore (over 30 ind., de fleste på sørøstsida av veien), prestekrage (1 ind.) tepperot og småengkall. Andre arter var hvitbladtistel, firkantperikum, ryllik, gullris, blåbær, røsslyng og tveskjeggveronika. En del nitrofile arter var på vei inn, som takrør, stornesle, bringebær og sølvbunke. På et stativ vokser det humle. Vegetasjonen var tjukk, og det ble ikke observert beitemarkssopp, men det er potensial for funn om hevd gjenopptas. Det ble ikke gjort nye, spesielle funn av interesse i 2018, og det ble lett litt etter brudespore uten å se denne (tidspunktet

var ikke optimalt for søk etter arten, men den er ganske sikkert i klar tilbakegang her og kan være på vei til å forsvinne helt).

Påvirkning: Lokaltiteten består trolig dels av overflatedyrka eng med langvarig og stabil hevd som slåtteeng og dels eldre fulldyrka eng, samt kantsoner og grunnlendte parti uten/med lite preg av jordbearbeiding. Enga er i dårlig hevd med nitrofile arter på vei inn og tett krattoppslag (spesielt på vestsida). Kun traktorveien var slått i 2013, men enga øst for veien har vært slått enkelte år i nyere tid (uten at graset har blitt fjerna). Situasjonen virket i 2018 som den samme, der bare traktorveien har blitt slått, mens engene på kantene bare gror igjen.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Landskap: Lokaltiteten er gjenværende rest av et tidligere større, åpent kulturlandskap i Muldal. I dag består dalen i stor grad av andre naturtyper.

Verdibegrunnelse: Vatne (2013) vurderte at lokaliteten ikke har vært slått eller beita på lang tid, og er under sterk gjengroing. Lokaltiteten er stor, og har noe gjenværende slåtteengflora, bl.a. en god forekomst av brudespore, noe som gjør at den vurderes som viktig- B. Basert på faktaark for slåtteemark fra 2014 så oppnår lokaliteten høy vekt på størrelse (2,5 daa), lav vekt på typevariasjon, lav vekt på artsmangfold, middels vekt på tilstand, lav til middels vekt på påvirkning og lav vekt på landskapsøkologi. Samlet gir dette verdien lokalt viktig – C, dvs en nedgradering i forhold til Vatne (2013) sin vurdering, dels som følge av endret verdimetode, men gjengroingen er samtidig en viktig årsak her.

Forslag til skjøtsel: Vatne (2013) mener arealet bør ryddes for kratt i enga og i kantsonene. Årlig slått (tohjulstraktor, ljà) og fjerning av graset. Må ikke gjødsles.

1.4.3 Muldal sør BN00069262

Naturtype: Slåttemark

Areal: 6,0 daa

Innledning: Lokaltiteten ble først kartlagt og beskrevet av J. B. Jordal 5.8.2009 (Jordal 2011). Videre hadde den et besøk av A. Norderhaug 25.07.2001 (Norderhaug et al. 2004). Beskrivelsen ble revidert av Steinar Vatne (Økolog Vatne) oktober 2013, basert på eldre kilder og eget feltarbeid 22.8.2013 i forbindelse med kartlegging av kulturlandskap i Muldalen på oppdrag for Nasjonalparkstyret for Reinheimen. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og regnes som sær god, bedre enn 20 meter. Det er likevel noe skjønnsmessig hva en vil ta med av overganger mellom gjengroende natureng, tørre berg og mer gjødsla innmark. En ny revisjon er gjort av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning i desember 2018, med grunnlag i bl.a. egen befarng 10.08.2018, på oppdrag for Nasjonalparkstyret for Reinheimen. Sistnevnte revisjon innebærer mindre endringer av avgrensning og en oppdatering av naturtyper etter NiN2.1, samt bruk av ny verdsettingsmetodikk. Rødlistestatus for arter følger rødlista fra 2015 og for naturtyper rødlista for 2018, samt at fremmedartslista fra 2018 er benyttet.

Beliggenhet: Lokaltiteten ligger i Tafjorden-Reinheimen landskapsvernområde. Den ligger rundt 360 meter over havet ved utløpet av en hengedal der Muldalsfossen stuper 180 m ned. En kjerreveg slynger seg opp dit fra veien ved Sødalsvika ved Tafjorden. Berggrunnen består av øyegneis. Løsmassene består trulig mest av morenemateriale. Området ligg trulig i overgangen mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone (SB/MB) og i overgangsseksjonen mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonssesjoner (OC).

Naturtyper: Vatne (2013) satte naturtypen til slåttemark, hovedsakelig ut fra dagens hevdform, sjøl om artssammensetninga viser et sterkt beitepreg og at den delvis er dominert av grunnlendte berg. Utformingen er svak lågurt slåtteeng (T4-2), med frisk fattigeng og tørrengflora (G4, G7, en trua vegetasjonstype) på knausene nær husa. Noen knauser har tørketålende planter (F3). Etter NiN2.1

vurderes i 2018 partiene på sørsiden av gårdstunet å være dels intermediær semi-naturlig eng med svakt preg av gjødsling, men det er også en del englignende oppdyrket mark her (T41). Samtidig er det, som Vatne (2013) beskriver også knauser og grunnlendte parti med nakent berg (T1) og tørrengflora (trolig dels intermediær tørreng T32-13/14). I det hele er det en nokså oppstykket struktur her, både som følge av naturgitte forhold og kulturpåvirkning, som gjør det vanskelig med en entydig, ryddig beskrivelse.

Artsmangfold: Av planter blei det i 2009 notert bl.a. burot, ettårsknavel, engsmelle, geitsvingel, hegg, hårsvæve, kvitbergknapp, lintorskemunn, legeveronika, smalkjempe, smørbukk, småbergknapp, småengkall, småsmelle, sølvmore, tveskjeggveronika og vårpengeurt. I 2001 blei det funne jonsokkoll, knegras og storblåfjær. I 2013 blei det også sett gulaks, blåknapp, vendelrot, fjellmarikåpe, ryllik, finnskjegg, firkantperikum, skogstorkenebb, rødkløver og gullris, samt liten vokssopp. En rødsporesopp *Entoloma* sp. som antagelig er ny for vitenskapen (Øyvind Weholt pers.medd.) ble funnet i nordenden av lokaliteten. Av trær finnes bjørk, selje, rogn og einer. Det ble ikke gjort nye, spesielle funn av interesse i 2018.

Påvirkning: Muldal tilhørte Giskegodset, men ble på 1600-tallet overtatt av Frimannsætta som eide hele Tafjordbygda. Muldal består av to like store bruk. Begge bruka hadde i 1655 1 hest, 7 kyr, 6 sauer og 3 geiter. I 1802 hadde de 7 naut, 1 hest og 16 småfe hver. Også seinere har det vært hest, geit, kyr og gris på Muldal og det var full drift fram til 1957. Siden var det geitebruk til drifta vart lagt ned i 1970-åra. Området er ikke lenger beita av sau (2009-2013). Det meste av arealet er imidlertid slått "i alle år", og det er rydda en del kratt i nyere tid. Graset blei delvis fjerna i 2013, og noe av arealet virker noe gjødselprega. De grunnlendte berga gror sakte igjen med einer og løvtrær. Situasjonen virket i 2018 omtrent den samme, der deler blir slått og deler gror igjen.

Fremmede arter: På gardstunet står ei gran (ikke stedegen art), og det er planta inn noen hageplanter (*Rosa* sp. med mer), til dels innen avgrensningen. Vårpengeurt er svartelista som PH-potensiell høy risiko.

Landskap: Lokaliteten utgjør i dag et lite areal i et landskap dominert av andre naturtyper.

Verdibegrunnelse: Vatne (2013) vurderte at lokaliteten har et godt utvalg av naturengarter og deler av den blir slått årlig, men noen parti er sterkt gjengrodde og dels gjødselspreget. Det er funnet en antatt ny art for vitenskapen i kantsonen av lokaliteten, og trolig er det godt potensial for funn av enkelte krevende beitemarksopp. Lokaliteten vurderes foreløpig å ha verdi B-viktig, sjølv om en ny art for vitenskapen vil kunne kvalifisere til A-verdi. Basert på faktaark for slåttemark fra 2014 så oppnår lokaliteten høy vekt på størrelse (6 daa), middels vekt på typevariasjon, middels vekt på arts mangfold, middels vekt på tilstand, middels vekt på påvirkning og lav vekt på landskapsøkologi. Samlet gir dette verdien viktig – B.

Forslag til skjøtsel: Vatne (2013) mener at for å opprettholde verdien av slåttemarka er det ønskelig at hele arealet blir slått årlig (seinsommeren med tohjulstraktor/ljå), og alt graset rakes sammen og fjernes. Det vil være positivt at oppslag og kratt i kantsonene og på berg tynnes kraftig eller at alle busker fjernes helt, samt at grana fjernes. En bør ellers være svært forsiktig med innplantning av ikke stedegne arter med tanke på spredningsfaren. Disse bør fjernes, eller i det minste holdes i sjakk. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngås.

1.5 Skjøtselsplan for Muldal- og Tafjordsætra

1.5.1 Historikk/skildring

Muldal- og Tafjordsætra ligg på nordsida av dalføret, om lag 2 kilometer innover i dalen frå gardsbruka på Muldalen og fjordlia ned til Tafjorden. Ho ligg på ein svakt forma terrasse i terrenget, med delvis skogkledt rasmark og berghamre på oversida og elvenær skog på nedsida. Tidlegare hadde også Muldalen sæterhus her, men etter at eit snøskred tok husa deira vinteren 1980/81 vart ho flytta til Storhaugen på sørsida av dalen.


På sjølve Tafjordsætra var det sætring fram til 1948 (medan det på Muldalssætra heldt fram til 1964). Etter den tid var det ein del sau som gjekk her på utmarksbeite på sommaren, men også dette er no over. Alt Holtan & Grimstad (2000) nemner at det i 1999 var tydeleg preg av lågt beitetrykk her, og det var stort sett slutt med dyr i 2010 (Vatne 2013).

1.5.2 NiN-kartlegging

Det vart funne grunnlag for å figurere ut 6 ulike polygon her, sjå figur 10 under. Areala oppe på den sentrale sætervollen runda husa hadde artsfattig flora dominert av ordinære engplanter og var omtrent utan artar typiske for semi-naturleg eng. Helst har trakk, gjødsling frå husdyr mv ført til for intensiv utnytting her og difor ikkje grunnlag for noko semi-naturleg eng.

På begge kantar er det derimot ein del areal med tydeleg semi-naturleg eng, der partia nærast sæterhusa er såpass opne og grasrike enno at dei vert rekna for å vere i ein brakkleggingsfase berre, sidan beitetrykket no er alt for lågt til å hindre attgroing, og engene heller ikkje vert skjøtta med slått. Lenger ute er graset mindre dominerande, og blåbærlyng samt etter kvart busker og tre er i ferd med å overta, så desse engene er ført opp som tidleg attvekstfase. Eit areal lengst vest har såpass mykje tre og lyng og har helst hatt det i lengre tid, slik at her er den semi-naturlege enga ført opp med mindre hevdpreg. På eit fuktig parti i nordkant av sætervollen har det tydeleg vorte teke ut ein del torv, sikkert for å ha på hustaka, og torvtak vert difor nytta som naturtype der.

Grensa mot naturleg fastmark i form av blokk- og skredmark er ganske skarp på nordsida av sætervollen (nokre store kampesteinar ligg også rundt husa). I tidlegare tider har det nok utvilsamt vore ein god del større areal rundt Muldal- og Tafjordsætra som kunne reknast som semi-naturleg eng. Vatne (2013) har eit bilete frå 1940 teke rett på nordvestsida av sætervollen som viser litt av dette. Eit nyare bilete han har frå same stad viser at det framleis var tydeleg engpreg i lia der i 2013, og samanlikna med NiN-kartlegginga i 2018 kan det nok vere at i det minste her burde noko større areal med semi-naturleg eng ha vorte registrert. Dette er vist med eit spørsmål i figuren under. På den andre sida så er noko meir areal vest for sæterhusa no avgrensa som semi-naturleg eng.



Figur 10 NiN-kart over Muldal- og Tafjordsætra i Muldalen, Norddal kommune. T32-3 = Intermediær semi-naturleg eng med svakt hevdpreg og i tidleg attgroing. T32-4 tidlig gjenvekst = Intermediær semi-naturleg eng med klart hevdpreg og i tidleg attgroing. T32-4 – brakk = Intermediær semi-naturleg eng med klart hevdpreg og i brakkleggingsfase. T41-1=engliknande oppdyrka mark. V11-1 = Kalkfattig torvtak. Eit spørsmål viser til areal som Vatne (2013) inkluderte i lokaliteten, og som kanskje framleis også burde ha vore kartlagt som semi-naturleg eng.

1.5.3 Naturtypelokalitetar og naturverdiar

Det meste av dei meir eller mindre opne engareala på Muldal- og Tafjordsætra utgjer ein stor, samanhengande verdifull naturtypelokalitet, dvs. alt vist med blå farge og T32 (semi-naturleg eng) på figur 10. Dei blå areala merka med V11 og T41 har også kulturhistorisk verdi (V11 da sæterfolk her har teke torv, og T41 fordi det er sjølve sætervollen med dei aller fleste bygningane). Samla sett er Tafjordsætra registrert som ei verdifull naturbeitemark av verdi viktig – B. Dette har vore ei slåttemark tidlegare, så den kunne kanskje ha vore registrert som det, men det er truleg over 70 år sidan det meste av enga vart slått, og det er berre så vidt registrert artar som helst vil ha slått her i nyare tid (kvitkurle).



Figur 11 Ei tett rad med bjørketre har kome opp i kanten av innmarka på den tidlegare Muldalssætra, dvs. lengst vest på kartlagt område rundt Muldal- og Tafjordsætra. Foto: Geir Gaarder

1.5.4 Bevaringsmål

For dei biologiske verdiane vil bevaringsmålet vere å oppretthalde den opne sætervollen, og i tillegg få att slått eller beite slik at vegetasjonen vert halden nede.

Når det gjeld kulturhistoriske verdier så er ikkje Muldal- og Tafjordsætra rekna som særskilt verdifull i Riksantikvaren og Direktoratet for kulturminneforvaltning si kartteneste (www.kulturminnesok.no), men det finst automatisk verna kulturminne frå vikingetida her. Det vert her rådd til at restaurering og anna vedlikehald av husa på setra vert utført i samsvar med tradisjonell, lokal byggeskikk.

Tabell 1 Bevaringsmål og tiltak for biologiske verdier på kulturmarka på Muldal- og Tafjordsætra i Muldalen, innanfor Tafjord-Reindalen landskapsvernområde i Fjord (tidlegare Norddal) kommune. NiN-omgrep: HI = hevdintensitet, HI-b = svært ekstensivt hevdpreg, HI-c = typisk ekstensivt hevdpreg, HI-d = nokså ekstensivt hevdpreg.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvåkingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Areal/arealbruk				
Semi-naturlig eng med god hevd (hevdintensitet HI = 2-4)	Areal av semi-naturlig eng (T32) i hevd eller tidleg brakklegging på sætervollen skal oppretthaldast og helst auke ut over referansetilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilette med god oppløysing kvart 5. år, kombinert med oppgåver over areal slått, eller tal dyr og dyreslag som vert sleppt i området. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år.	<u>God</u> : Arealet av semi-naturlig eng (T32) i hevd eller tidleg brakklegging på sætervollen har auka samanlikna med referansetilstanden. <u>Middels</u> : Arealet av kulturmarkseng (T32) i hevd eller tidleg brakklegging på sætervollen er stabilt eller har vorte redusert med inntil 10 % samanlikna med referansetilstanden. <u>Dårleg</u> : Arealet av kulturmarkseng (T32) i hevd eller tidleg brakklegging på sætervollen er redusert pga. lågt dyretal/manglande beiting med meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden.	Årleg slått (helst etter 20 juli, og den kan godt utførast ute i august) med tilhøyrande fjerning av graset. Alternativt stimulere til inngjerding og beite av viktige areal. Rydding av bjørk i kantsoner som er utsett for gjengroing (innanfor areal vist som semi-naturlig eng i NiN-kart).
Diagnostiske artar				
Kvitkurle (VU)	Eit eksemplar vart funne i 1999. Ikkje funne att seinare, men kan framleis vekse her.	Kartlegging av kompetent person i blømingstida for arten.	<u>God</u> : Over 10 blomstrande eksemplar. <u>Middels</u> : 1-10 eksemplar påvist. <u>Dårleg</u> : Ingen funn av arten.	Årleg, sein slått (ikkje før i august måned) av vekseplassane, med fjerning av graset. Beiting av husdyr berre etter avslutta slått.
Innslag av framande artar				

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Framande artar	Korkje nasjonalt eller regionalt framande artar førekjem.	Kontroll året etter at aktuelle artar er fjerna	<p><u>God:</u> Framande arter førekjem ikkje i eller inntil lokaliteten.</p> <p><u>Middels:</u> Framande arter førekjem, men representerer ikkje eit trugsmål mot lokalt naturmangfald.</p> <p><u>Dårleg:</u> Framande arter førekjem og representerer en trussel mot lokalt naturmangfald.</p>	Hogst og fjerning av all planta gran.

1.5.5 Nærare skildring av einskilde skjøtselstiltak

Slått og/eller beite av engareala: Her er det å følgje generelle skjøtelsråd for engmark. Om ein vel å slå engene, dvs. alt areal avgrensa som T32 og T41 på figur 10, så bør dette anten skje med ljå eller to-hjuls slåmaskin på ettersomaren. Dette bør helst ikkje skje før tradisjonelt tidspunkt for slåttan for setra, men om det vert litt seinare så syner det seg at det kan vere bra for mange artar. Det aller beste er truleg at ein startar slåttan i slutten av juli eller tidleg i august, og slår det meste i fyrste halvdel av august, men også tar mindre areal seinare på hausten (kantsoner mv). Dette fører til at m.a. insekt som treng tilgang på blomster klarer seg mykje betre enn om alt vert slått på ein gong, og før blomstringa er avslutta. Tidleg slått er likevel betre enn ingen slått, men ein bør nok da skifte litt på kva slags areal som vert slått mellom åra. NB! Det er uansett heilt sentralt at gras (også gammalt gras) vert raka opp og fjerna frå engene. Slått der gras vert liggande att er direkte skadeleg og kan verke meir negativt eller om ein ikkje slår i det heile.

Eit alternativ kan vere å gjerde inn engene og sleppe på beitedyr. Vel ein da å bruke sau må ein rekne med at ein art som kvitkurle vert permanent borte frå lokaliteten, medan det er større sjanse for at ho kan overleve om det t.d. er ungdyr som går her. Talet dyr må tilpassast fôrgrunnlaget, dvs. storleiken på arealet som vert inngjerda. NB! Det er dårlig mobildekning på sætra, slik at bruk av Nofence-teknologi truleg ikkje let seg gjere her.

Hogst og rydding av beite: Engareala bør vere mest mogeleg opne, eventuelt med einskilde busker av einer. Trongen for rydding vert ikkje vurdert å vere akutt, det er viktigare å få opp att hevd med slått eller beite, men det veks gradvis att i kantsonene. Særleg i aust er det ein del ung skog som vitnar om at det inntil nyleg har vore meir ope der, sjå også figur 12 under. NB! Det er sentralt at hogst og rydding av skog vert følgt opp med beite og slått, om ikkje får ein berre opp tette lauvkratt som er verre enn om trea får stå i fred.



Figur 12 Flyfoto av Muldal- og Tafjordssætra frå 1976 (henta frå www.norgebilder.no). Arealet avgrensa med raud strek har no for det meste nokså tett ung lauvskog (med unntak av eit ope, myrlendt parti).

Fjerning av framande treslag: Det står eit lite plantefelt med gran på nedre delar av sætervollen. Ein del av trea er hardt skadd og dels daude, men det er likevel fare for at dei kan sette konglar og frø seg. Det står også ei og anna gran oppe ved sæterhusa. Norsk gran er ein framand art i dette dalføret, og trea bør difor hoggast ned så dei ikkje kan spreie seg.



Figur 13 Granholtet på Muldal- og Tafjordssætra. Fleire av trea er hardt skadd eller drepne av hjortegnag, så her har hjorten gjort nytte for seg som kulturlandskapsforvaltar. Det beste er nok likevel at folk tek ned og fjernar alle trea. Foto: Geir Gaarder

1.6 Skjøtselsplan for Muldalen

1.6.1 Historikk/skildring

Muldalen er eit gardsbruk som ligg ytst i det hengande dalføret med same namn ut mot Tafjorden. Her er det ein brå overgang frå ei ganske flat dalbotn til stupbratt fjordli (med Muldalsfossen som eit kjent landemerke). Det er to gardar som ligg saman i eit felles tun. Drifta på gardsbruka her tok slutt i 1970. Det vert no slått litt og hagen inntil det sørvestlege bruket vert skjøtta, i tillegg til at noko av engene litt innanfor garden har vorte slått dei seinare åra. Elles gror det att her.



Figur 14 Enger eit par hundre meter aust for gardsbruka i Muldalen, som har vorte slått dei siste åra. Dette er med på å halde landskapet ope. Engene er likevel artsfattige med svært få typiske naturengartar, og har nok dels vore såpass mykje gjødsla tidlegare og dels fått gro att såpass mange år, at dei meir småvaksne og konkurransesvake typiske artane for semi-naturleg eng har forsvunne. Det har difor ikkje vore naturfagleg grunnlag for å avgrense nokre verdifulle naturtypar her. Foto: Geir Gaarder

1.6.2 NiN-kartlegging

Det er ikkje utført NiN-kartlegging av Muldalen. Det var ikkje avgrensa noko kartleggingsareal her på NiN-app, så dette var difor ikkje praktisk mogeleg å få til. Under synfaringa 10 august 2018 vart det observert at det meste av innmarka må reknast som sterkt endra mark, dels med engpreg, samt mindre parti med semi-naturleg eng. Rundt er det for det meste fastmarkskogsmark av ulike grunntypar.

1.6.3 Naturtypelokalitetar og naturverdiar

Vatne (2013) avgrensa to naturtypelokalitetar her, og det vart under synfaringa i 2018 ikkje funne grunnlag for vesentlege endringar av dette. Både avgrensing og val at naturtype kan oppretthaldast,

sjølv om den sørlege av dei to (Muldal sør BN00069262) nok inneheld mest anna mark som berghamrar og sterkt endra mark, og der berre ein mindre del kan reknast som semi-naturleg slåttemark.



Figur 15 Flybilette over Muldalen, der dei to naturtypelokalitetane til Vatne (2013) er vist med raud farge.

Derimot er det nok grunnlag for å redusera verdien litt, på både lokalitetane. Den sørlege vert delvis halden i hevd (rundt og sør om husa, men ikkje på nordsida), medan den nordlege ber preg av heller ikkje å ha vore slått dei seinare åra. For den nordlege har dette ført til at naturverdien no er redusert frå tidlegare viktig – B til berre lokalt viktig - C. For den sørlege er verdien halden på viktig – B framleis, men denne har heller ikkje grunnlag ut frå noverande kunnskap med nokon høgare verdi.

1.6.4 Bevaringsmål

For dei biologiske verdiane vil bevaringsmålet vere å oppretthalde eller få attende slått av engene innanfor avgrensa areal på kartet.

Når det gjeld kulturhistoriske verdier så er gardstunet på Muldalen rekna som regionalt verdifullt i Riksantikvaren og Direktoratet for kulturminneforvaltning si kartteneste (www.kulturminnesok.no). Vedlikehald av husa bør difor utførast i samsvar med tradisjonell, lokal byggeskikk.

Tabell 2. Bevaringsmål og tiltak for kulturmarka på Muldalen, innanfor Tafjord-Reindalen landskapsvernområde i Fjord (tidlegare Norddal) kommune. NiN-omgrep: Beitetrykk: 7JB-BT-1 ingen beitespor, 7JB-BT-2 lavt beitetrykk, 7JB-BT-3 moderat beitetrykk, 7JB-BT-4 nokså høyt beitetrykk, 7JB-BT-5 svært høyt beitetrykk, 7JB-BT-6 overbeitet. Slåtteintensitet: 7JB-SI-1 slås ikke, 7JB-SI-2 sporadisk utmarksslått, 7JB-SI-3 regelmessig utmarksslått, 7JB-SI-4 årlig sein slått på innmark, 7JB-SI-5 årlig tidlig slått på innmark, 7JB-SI-6 gjentatt slått på innmark.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
Areal/arealbruk				
Aktuelt beitetrykk eller slåtteintensitet(7JB-BT og 7JB-SI) til seminaturleg eng	Areal av semi-naturlig eng (T32) i hevd eller tidleg brakklegging (7JB-BT-3-4 eller 7JB-SI-3-4) innanfor dei to lokalitetane i Muldalen skal auke ut over referansetilstanden i 2018.	Fjernanalyse ved bruk av flybilete med god oppløysing kvart 5. år, kombinert med oppgåver over areal slått. Tilstandssjekk i felt kvart 10. år.	<u>God</u> : Alt areal med seminaturlig eng (T32) er i hevd eller tidleg brakklegging (7JB-BT-3-4 eller 7JB-SI-3-4) innanfor avgrensa lokalitetar. <u>Middels</u> : Areal med kulturmarkseng (T32) i hevd eller tidleg brakklegging (7JB-BT-3-4 eller 7JB-SI-3-4) er stabilt på lokalitet Muldal sør og alt areal innanfor lokalitet Muldal nord er i hevd eller tidleg brakklegging (7JB-BT-3-4 eller 7JB-SI-3-4). <u>Dårleg</u> : Arealet av kulturmarkseng (T32) i hevd eller tidleg brakklegging er med meir enn 10 % samanlikna med referansetilstanden i 2018 for lokalitet Muldal sør, og arealet på lokalitet Muldal nord gror framleis att.	Årleg slått med tilhøyrande fjerning av graset, helst ikkje før i slutten av juli eller noko utover i august. Alternativt stimulere til inngjerding og beite av viktige areal. Rydding av bjørk og andre boreale lauvtre i kantsoner som er utsett for attgroing (innanfor areal vist som seminaturlig eng i NiN-kart).
Diagnostiske artar				
Brudespore	Arten veks i livskraftig bestand med minst 30 blomstrande individ årleg innanfor lokaliteten Muldal nord.	Kartlegging av kompetent person i blomstingstida for arten.	<u>God</u> : Over 50 blomstrande eksemplar. <u>Middels</u> : 30-50 eksemplar påvist. <u>Dårleg</u> : Under 30 eksemplar av arten.	Årleg, sein slått (ikkje før i august) av vekseplassane, med fjerning av graset. Beiting av husdyr berre etter avslutta slått.
Innslag av framande artar				
Framande artar	Korkje nasjonalt eller regionalt framande artar førekjem.	Kontroll året etter at aktuelle artar er fjerna	<u>God</u> : Framande artar førekjem ikkje i eller inntil lokaliteten. <u>Middels</u> : Framande artar førekjem, men representerer ikkje eit trugsmål mot lokalt naturmangfald. <u>Dårleg</u> : Framande artar førekjem og representerer eit	Hogst og fjerning av all planta gran. Overvaking av hageplanter, slik at desse ikkje spreier seg ut i naturleg og seminaturleg vegetasjon.

Tilstandsvariablar	Bevaringsmål	Overvakingsmetode	Tilstandsklasse	Aktuelle tiltak
			trugsmål mot lokalt naturmangfald.	

1.6.5 Skjøtselstiltak

Slått av engareala: Her er det å følge generelle skjøtelsråd for engmark, noko som da også i stor grad ser ut til å ha vorte gjort dei seinare åra på det sørvestre bruket. Slåtten bør helst skje med ljà eller to-hjuls slåmaskin på ettersomaren. Dette bør helst ikkje skje før tradisjonelt tidspunkt for slåtten, men om det vert litt seinare så syner det seg at det kan vere bra for mange artar. Det aller beste er truleg at ein startar slåtten i slutten av juli eller tidleg i august, og slår det meste i fyrste halvdel av august, men også tar mindre areal seinare på hausten (kantsoner mv). Dette fører til at m.a. insekt som treng tilgang på blomster klarer seg mykje betre enn om alt vert slått på ein gong, og før blomstringa er avslutta. Tidleg slått er likevel betre enn ingen slått, men ein bør nok da skifte litt på kva slags areal som vert slått mellom åra. NB! Det er uansett heilt sentralt at graset (også gammalt gras) vert raka opp og fjerna frå engene. Slått der graset vert liggande att er direkte skadeleg og kan verke meir negativt eller om ein ikkje slår i det heile.

Rydding av kratt: For lokalitet Muldal nord er det naudsynt at det på delar av enga også vert rydda for kratt og unge lauvtre før ein kjem i gang med slåtten. Det er da viktig å kappe trea lågt, slik at stubben ikkje kjem særleg over bakkenivå.

Fjerning av framande treslag: Det står framleis nokre grantre inntil gardstunet. Norsk gran er ein framand art i dette dalføret, og trea bør difor hoggast ned så dei ikkje kan spreie seg.



Figur 16 Muldal sett frå vegen som går opp til gardsbruket. Det er litt skiftande kor godt vedlikehaldne husa har vore dei seinare åra, men alle ser ut til å ha gode tak og nokre av dei er velstelte. Foto: Geir Gaarder



Figur 17 Engene rett på nordaustsida av gardsbruka på Muldalen. Dei har ganske sikkert vore dei mest artsrike i nyare tid her ved gardsbruket, men dei har berre fått gro att i nyare tid og er no på veg til å miste all naturverdi. Dei mest intakte og artsrike partia ligg som eit belte mot nord, dvs i høgre kant av biletet. Vatne (2013) fann framleis ein del av den krevjande orkidéen brudespore her. Den vart ikkje sett i 2018, men helst finst det framleis att nokre eksemplar. Foto: Geir Gaarder

2 FORVALTNINGSINNSPEL TIL MULDALSLIA NATURRESERVAT


2.1 Innleiing

I forvaltningsplanen for Muldalslia naturreservat (Møre og Romsdal fylke 2005) står m.a. følgjande: «Reservatet befares av kompetent biolog minst hvert 10. år for å sjekke bl.a. skogtilstanden og forekomsten av grov alm, hengebjørk og osp. Det iverksettes tiltak hvis det oppstår fare for at verneverdiene forringes." Verneområdeforvaltar Mari Melbø Rødstøl tok kontakt med underteikna i slutten av august 2021 med sikte på ei slik synfaring. Denne delen av rapporten oppsummerer resultatata etter befaringa.



2.2 Eksisterande data


I forvaltningsplanen står det vist til fleire kjelder om naturfaglege tilhøve i reservatet. Desse vert berre nemnde kort her. Muldalslia naturreservat vart formelt oppretta ved kgl. resolusjon av 27 juni 2003 gjennom ein tematisk verneplan for 31 edellauvskogområde i Møre og Romsdal (jf. skildring i Bugge 1993). Holtan & Brevik (1998) gjorde ei botanisk kartlegging av Muldalslia med inndeling av bestandar (sjå figur 18). Muldalslia vart naturtype-kartlagt etter DN-handbok 13 av Holtan & Grimstad (2000, jf. Miljødirektoratet 2022). På oppdrag frå Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavingdelinga, vart det utarbeidd eit forslag til ein forvaltningsplan for reservatet basert på ei naturfagleg skildring (Fjeldstad & Gaarder 2005), noko som resulterte i ein endeleg forvaltningsplan (Møre og Romsdal fylke 2005). Ein viktig rapport om hjortebeitet sin påverknad på almen i reservatet vart publisert av Michaelsen & Grimstad (2007). Denne undersøkinga viste at 70% av almetrea hadde beiteskadar på stamme og/eller rot. Særleg unge tre var utsette for alvorlege beiteskadar på stammen. Ein vesentleg del av desse var allereie ringborka og vart antatt å ville døy i løpet av kort tid. Reservatet er eit viktig og godt studert flaggermusområde (sjå m.a. Michaelsen m. fl. 2003). Når det gjeld arts mangfald er nemnde kjelder studert i tillegg til Artskart (Artsdatabanken & GBIF 2022). Holtan & Ericsson (2013) og Jordal (2020) omtaler sunnmørsmarikåpa i Juva i nordkanten av reservatet. Denne er av få endemiske plantearter i Noreg (dvs. han finst berre her), og han er i tillegg ein truga art.



Figur 18. Bestandskart med informasjon om dominerende treslag i ulike delar av reservatet av Holten & Brevik (1998).

2.3 Status for alm, hengebjørk og osp

Muldalslia vart synfart 4.9.2021, og vekt vart særleg lagt på ei oppdatering av kunnskapen om tilstanden til almen. Figur 19 viser synfaringsruter i 2021 og dessutan synfaringsrute av notatforfattaren under synfaring i samband med undersøkingar av sunnmørsmarikåpe i 2020 (Jordal 2020). Synfaringsruta i 2021 vart freista lagt i hovudutbreiinga til almen som skildra av Holten & Brevik (1998, jf. figur 18).




Figur 19 Befaringsrute 4.9.2021 (svart farge). I tillegg er det vist befaringsrute av underteikna i samband med undersøkingar av sunnmørsmarikåpe 12.08.2020 (blå farge, Jordal 2020).

2.3.1 Alm

Alm er raudlista som EN (sterkt truga) pga. påverknad frå hjort på Vestlandet, almesyke (Austlandet) og konkurranse frå den fremma arten platanlønn. Michaelsen & Grimstad (2007) oppgav at 70 % av almen var påverka av borkgnag av hjort, og kalla dette alvorleg og dødeleg, særleg på grunn av at unge tre ofte er heilt ringborka. Under synfaringa i 2021 vart trediameter og prosent bortgnaga bork på dei nedste 2 meter av stamme og rot taksert på 76 almetre langs gangruta i figur 19. For alle desse vart diameter og prosentvis avborking under 2 m over bakken notert. Berre ni av 76 tre (12%) var utan borkgnag. Dette betyr at nærare 90% av dei takserte tree var skadd, mot 70% oppgjeve av Michaelsen & Grimstad (2007).

Belteskade alm



Figur 20. Avborking av nedste 2 meter av almetrea (y-aksen) er plotta mot diameter i centimeter på x-aksen. Her viser y-aksen den delen av borken som er gnaga vekk, der 1.0 tilsvarar 100 % og 0.0 tilsvarar ingen beiteskade. Den tjukke linja i figuren er predikert andel beiteskade (gnag). Totalt 76 tre vart takserte 04.09.2021 langs gangruta (vist i figur 19). Prediksjonslinja er produsert av Michaelsen Biometrika AS basert på ein modell som vert kalla Generalised Additive Model (GAM). Rådata finst i tabell 3 ovanfor.

Figur 20 viser at avborkinga er sterkast på relativt unge tre. Desse har svært høgt sannsyn for omfattande beiteskade, medan større tre anten ikkje har beiteskadar eller desse skadane er meir avgrensa. Ein vesentleg del av trea med ein diameter opp til rundt 40 cm har betydelege eller dødelege beiteskadar. Alm med større diameter er altså mindre utsett for omfattande beite/gnag, men dette kan vera mellombels og ein må ikkje konkludera med at desse trea går fri frå beiteskadar over tid. Modellen (GAM) som vart brukt for å modellera forholdet mellom beiteskadar og diameter forklarar nærare 60 % av variasjonen i datasettet. Det betyr at også andre faktorar påverkar sannsynet for at tre vert skadd av hjorten, slik som plassering i reservatet og ikkje minst terrenget der trea veks (tilgjenge for hjorten). Hjorten sitt val av tilhaldsstad varierer betydeleg innanfor reservatgrensene, noko ein ser på fordeling av ekskrement på vinterstid (Tore C. Michaelsen pers. medd.). Resultata viser at rekrutteringa vert hemma kraftig ved at unge tre vert drepen. På eldre tre er borken tjukkare, hardare og yter kraftigare motstand mot gnag, men likevel er ofte delar av røtene avborka. Så lenge det finnast unge tre vil hjorten helst velja desse. I andre område har ein sett at når dei unge trea er borte, vert beitetrykket på dei store trea hardare, og metertjukke tre kan bli drepe (t.d. i Eikesdalen). Viss åra går med store vinterbestandar av hjort vil til slutt òg gamle almetre bli drepane. Denne studien dekkjer mykje av dei same områda som vart analyserte av Michaelsen & Grimstad (2007). Ein nokså ukjent bieffekt av hjortebeiting er at bestandane av borkbilla almesplintborer aukar (Oddvar Hanssen, NINA, pers. medd.). Denne er på Austlandet vektor (spreiar) av almessjuka. Viss almessjuka skulle spreia seg til Vestlandet, vil ho dermed kunna bli effektivt spreidd av almesplintborar som allereie finst her. Almesplintborar vart påvist i Muldalslia på grunnlag av borkgnag 04.09.2021 (bestemt etter foto av Oddvar Hanssen, NINA).

2.3.2 Hengebjørk

Det finst ein del hengebjørk i lia, særleg i nordre del av reservatet. Desse er dels ganske store og grove, og nokre er tidlegare styva. Under synfaringane i 2020-2021 vart det ikkje observert noko som tyder på at hengebjørka er truga av nokon spesielle påverknadsfaktorar. Likevel var nokre av trea i 2021 dels brune og med lite lauv i krona, men ein går ut frå at dette skuldast den uvanleg tørre sommaren. Dette er ikkje truleg at dette fører til nokon langvarig effekt på bestanden av hengebjørk, viss det ikkje gjentek seg fleire år på rad. Dessutan kan nokre tre skapa problem for vedlikehald av vegen.

2.3.3 Osp

Det finst ein del osp i lia, særleg i nordre del av reservatet. Desse er viktige som habitat for flaggermus (Michaelsen m.fl. 2003). Under synfaringane i 2020-2021 vart det ikkje observert noko som tyder på at osp er truga av spesielle påverknadsfaktorar. Likevel bør ein følgja med på rekrutteringa av osp, det er kjent frå andre stader at denne m.a. kan påverkast av hjortebeite.



Figur 21. Stående ung alm, halvdaud som følgje av borknag av hjort.



Figur 22. Almetre med diameter 15-20 cm som er 100% avborka og deretter har ramla ned. Dødelegheita av yngre alm er høg.



Figur 23. På store almer tek hjorten ofte til å gnage på røtene, der borken er tynnast. Når alle småtre er daude kan han fortsetta å gnaga på de store trea til dei også er avborka. Han føretrekkjer alm framfor alle andre treslag, som nr. 2 kjem rogn.

2.4 Status for sunnmørsmarikåpe

2.4.1 Sunnmørsmarikåpe – ein endemisk art i Fjord kommune

Sunnmørsmarikåpe er knytt hovudsakleg til fosseenger, fossberg og sprutpåverka flaumsoner langs rasktstrøymande elvar og bekker (Holtan & Ericsson 2013, Jordal 2020). Fosseenger vert rekna som ein truga naturtype (Ihlen & Eilertsen 2012, Artsdatabanken 2018). Sunnmørsmarikåpa har hovudbestandar i Herdalen/Dyrdalen i Dalsbygda og Tafjorden med nærområde (Holtan & Ericsson 2013, Jordal 2020, Jordal 2021). Dette er ein av få endemiske planteartar vi har i Noreg. Han står som EN (sterkt truga) på eksisterande raudliste (Artsdatabanken 2021). Dette er dermed ein høgt raudlista art som fortener eit sterkt forvaltningsfokus. Holtan & Ericsson (2013) oppgav eit overslag på inntil 500 individ «ved Muldalsfossen» i 1994. I 2020 vart det berre opptalt 83 individ i nedre, tilgjengelege del av juvet, medan det ikkje vart gjort sikre observasjonar andre stader i elvekløfta. Dette bør derfor sjåast som ein indikasjon på at bestanden her er i tilbakegang. Viss dette er rett, kan det forklarast med sunnmørsmarikåpa sine habitatkrav. I Juva vert uttørkingsfaren truleg for stor for denne arten i det lange løpet på grunn av kraftutbygging og redusert vassføring. Det er ikkje stilt krav om minstevassføring i vassdraget. Elles vart Tverrelva tatt inn i inntaket i 1989, og dette reduserte ytterlegare den attverande vassføringa i Muldalsfossen. Inngrepa medfører redusert fosspray-påverknad og redusert gjennomsnittleg fuktigheit, og gjer sunnmørsmarikåpa meir utsett under ekstreme tørkeperiodar.

2.4.2 Eksisterande data og eigne undersøkingar 2020

Følgjande tekst er henta frå omtale av Juva hos Jordal (2020): «Muldalselvas kløft er et dramatisk og utilgjengelig landskap, hvor bare den nedre tredjedelen var mulig å undersøke til fots uten klatreutstyr. Her ble det funnet 83 individer av sunnmørsmarikåpe fordelt på seks punkter. I tillegg er den funnet nede ved sjøen (Michaelsen pers. medd.), hvor det ikke lyktes å finne noe i 2020. Holtan & Ericsson (2013) omtaler Muldalselva som en av de store og viktige bestandene. Imidlertid lyktes det ikke å bestemme sunnmørsmarikåpe sikkert med kikkert i øvre del av juvet, men dersom man hadde hatt med teleskop kunne man fått sikrere resultater. I hvert fall ser det ut som bestanden ikke er så stor lenger. Muldalselva er utbygd og vannføringa var lav på undersøkelsestidspunktet. Dette gir større uttørkingsfare i det solvendte juvet, og bestanden kan være redusert som følge av dette. Tidligere forekomster rundt Muldalsgårdene ble ikke gjenfunnet, men de er også dårlig stedfestet.»



Figur 24. Muldalselva si kløft (Juva). Dette er eit stort og mektig juv som i dei øvre to tredelane er nokså utilgjengeleg. Sunnmørsmarikåpe er tidlegare funne her, og vart attfunnen i 2020. Han er òg funnen heilt ned til sjøen av Michaelson og Grimstad. I øvre del og rundt Muldals-gardane vart han ikkje attfunnen, men eldre funn er unøyaktige. Juvet er sørvendt og meir tørkeutsatt etter utbygging av vassdraget. Frå Jordal (2020).



Figur 25. Juva, nedre del. Sunnmørsmarikåpa vaks her spreidd på berghyllene, 12.08.2020.



Figur 26. Sunnmørsmarikåpe (til venstre) og fjellmarikåpe (til høgre) står her saman. Fjellmarikåpa sine blad er delte heilt ned, medan sunnmørsmarikåpa sine blad er delt omtrent halvvegs og er dessutan større. Biletet viser tydeleg forskjellane i bladform mellom desse to artane. Frå Tafjorden: Muldalselva si elvekløft 12.08.2020 (Jordal 2020).



Figur 27. Funn av sunnmørsmarikåpe i Juva. Eldre funn frå Artskart vert vist med svarte prikkar. Fleire av desse er feilplassert, jf. piler mot antatt rett stad. Jordal (2020) sine nye funn vert markerte med blå prikkar. Svart firkant er oppgeve av Tore C. Michaelsen (pers. medd.)

2.5 Raudlisteartar

Frå tidlegare er følgjande raudlisteartar kjent i Muldalslia naturreservat (raudlista 2021): alm (EN – sterkt truga), ask (EN – sterkt truga), sunnmørsmarikåpe (EN – sterkt truga) (jf. Holtan & Ericsson 2013, Jordal 2020), skorpelavane kvithovudnål (NT – nær truga), *Gyalecta truncigena* (EN – sterkt truga) (Fjeldstad & Gaarder 2005), og dessutan skimmelflaggermus (NT – nær truga), storflaggermus (EN – sterkt truga) og nordflaggermus (VU – sårbar) (Michaelsen m.fl. 2003). I Artskart (Artsdatabanken & GBIF 2022) finst dessutan funn av lundvokspigg (VU), skrukkeøre (NT), bleik kraterlav (VU), lauvborkskorpe (NT), almebroddsopp (VU), almekolsopp (NT), almelav (NT), *Amphisphaeria umbrina* (DD - datamangel), rognelundlav (NT), mosearten *Chionoloma hibernicum* (VU), karplanta furuvintergrøn (NT) og dessutan fugleartane hønsehauk (VU), gråmåse (VU) og gråsporv (NT), og dessutan gaupe (EN). Undersøkingar lenger ute i Tafjorden viser at potensialet for raudlista insekt er stort (ikkje undersøkt her). Under feltarbeidet i 2021 vart kastanjeparasollsopp (NT, på marka) funnen som ny for reservatet. Artar som vart funne att var m.a. alm, skrukkeøre, almekolsopp, almebroddsopp, og dessutan vart den sjeldne sekksporesoppen *Amphisphaeria umbrina* (DD) funne i betydelege mengder på almebork, kanskje ein av dei største kjente bestandane utanom Eikesdalen på Nordmøre. Dei nye funna er gjort tilgjengelege i Artskart.

Fleirtalet av raudlisteartar er knytt til alm, og då særleg bork av levande alm, noko som understrekar kor viktig det er å sikra almebestandane her. Totalt er det kjent 24 raudlisteartar i reservatet, av desse er fire i kategori sterkt truga. Potensialet for å finna fleire raudlisteartar er truleg stort.



2.6 Framande artar

Under feltarbeidet i 2021 vart det ikkje påvist framande artar. Fjeldstad & Gaarder (2005) nemner berberis (i rasmark) som einaste framande art. Denne vert ikkje lenger rekna som ein framand art fordi han vart innført for veldig lenge sidan (jf. Lid & Lid 2005). Ved vegen like nord for elva og dermed utanfor reservatet er det funne hagelupin (kategori SE, dvs. svært høg risiko) og fjelledelgran (LO, dvs. låg risiko) (Artsdatabanken & GBIF 2022). Muldalslia naturreservat er eit av dei siste reservata i Storfjorden og kanskje på heile Sunnmøre som er utan platanlønn (Michaelsen & Røsberg 2015, Michaelsen pers. medd.). Platanlønna (SE-svært høg risiko) finst derimot nord for Tafjord sentrum på søraustsida av Skjegghammaren i ein avstand frå reservatet på berre nokre hundre meter. Der spreier ho seg no oppover i lia, og det er berre eit tidsspørsmål før den spreier seg over Skjegghammaren og inn i Muldalslia frå sør. Denne prosessen burde vore overvaka og stansa.

2.7 Forslag til forvaltningstiltak

2.7.1 Alm

Hjorten har i dag ganske store og tette bestandar samanlikna med dei første tiåra etter andre verdskrigen – noko som er eit generelt trekk over store område. Dessutan har han vandringar med årstidene. I Muldalslia ser det ut som han har jamnleg tilhald om vinteren, og det er truleg særleg i denne årstida at han beiter almebork. Resultatet over tid er stor dødelegheit av (særleg yngre) tre, noko som er ein alvorleg trussel mot eksistensen av almen i reservatet. Dette strir mot verneformålet. Ein kan tenkja seg følgjande tiltak:

1. Lokalt i reservatet vert gjort ei vurdering i samråd med grunneigarar og lokal hjorteviltforvaltning om moglegheita for å avgrensa nærværet til hjorten særleg i vinterhalvåret, t.d. gjennom målretta avskyting av vinterdyr 
2. Regionalt burde Statsforvaltarane i Møre og Romsdal og Vestland i fellesskap setja igang eit arbeid for å greia ut korleis ein kan avgrensa hjorteskadar på alm og andre treslag (ask, barlind, rogn mm.) reint generelt. Dette kan gje eit betre kunnskapsgrunnlag og betre forståinga for kva tiltak som er naudsynte for å berga m.a. bestandane av alm på heile Vestlandet.
3. Ein kan vurdere å ta opp att styving av gamle styvingstre for å motverka at dei dett ned fordi dei er topptunge. Arbeidet bør gjerast av kyndige folk, og gjerne over fleire år. Det er naturleg å prioritere dei trea som er nærast vegen. 


2.7.2 Sunnmørsmarikåpe

Sunnmørsmarikåpe er sterkt avhengig av fukt i form av vasssprut frå fossar eller rasktstrøymande elvar. Sidan dette er ein endemisk art som finst omtrent berre i gamle Norddal kommune, er det berre tiltak lokalt som kan sikra bestandane til arten. Arten er dessutan plassert i kategori EN (sterkt truga) på raudlista for artar, og bør dermed ha eit særleg høgt forvaltningsfokus. I samband med framtidige vilkårsrevisjonar bør det vurderast om minstevassføring kan innførast i førekomstområda til arten. All auke i vassføring i Juva vil truleg bidra positivt til å sikra bestandane til arten på lengre sikt. Men sidan kunnskapen om arten er mangelfull burde han kartleggast meir i detalj, og eit overvakingssopplegg bør etablerast på grunnlag av dette. Nyttige hjelpemiddel for å unngå klatring vil vera kikkert, teleskop og evt. drone, og av tryggleikssyn bør feltarbeidet utførast av to personar.


2.7.3 Platanlønn

Muldalslia naturreservat har så langt ingen påviste framandartar. Platanlønn (SE – svært stor risiko) finst likevel ca. 700-800 meter sør for reservatet (søraust for Skjegghammaren), og det er berre eit spørsmål om tid før ho spreier seg over Skjegghammaren og inn i reservatet frå sør (Tore C. Michaelsen pers. medd.). Det vert foreslått ei jamnleg overvaking av spreinga her, som kan gi moglegheit for tiltak (forsøk på fjerning av arten) før han spreier seg inn i reservatet.

2.7.4 Store tre nær vegen

Under grunneigarmøte i Tafjord 3.3.22 vart det påpeika tre inntil vegen kan vere eit problem for vedlikehaldet. Generelt er store gamle tre viktige for mangfaldet, og viktigast er alm. Likevel bør ein kunne fjerne einskilde tre som trugar vegen eller fundamentet. 

3 PRIORITERING AV TILTAK

I dette kapitlet kjem vi med forslag til prioriteringsrekkefølge av tiltak i Muldalen og Muldalslia under eitt. 

1. **Auka vassføring i Muldalsfossen.** *Grunngjeving:* Juva var ein av dei viktigaste lokalitetane for sunnmørsmarikåpe i 1994, medan teljingar i 2020 tyder på sterk tilbakegang. Sunnmørsmarikåpe er sterkt truga på raudlista, og ein av få endemiske planteartar i Noreg, med utbreiing i gamle Norddal kommune. Arten er truleg den planta i Noreg som er mest avhengig av fossegov, og er i Juva truga av uttørking. Fosseberg og fosseeng er elles sårbar (VU) på raudlista for naturtypar (Artsdatabanken 2018), og inneheld også ei rekkje andre artar av karplanter, mosar og lav.
2. **Tiltak mot hjortebeiting på alm.** *Grunngjeving:* Alm er sterkt truga (EN) på raudlista m.a. på grunn av borknag av hjort. Alm er eit viktig treslag i edellauvskogen, har mange raudlisteartar knytt til seg, og ein del av grunngevinga for oppretting av reservatet. Eit fleirtal av trea under 40 cm stammediameter var daude eller døydande i 2021. Utan tiltak vil almen truleg bli gradvis utrydda i reservatet.
3. **Platanlønn – overvaking og bekjemping før ho når reservatet.** *Grunngjeving:* Platanlønn er eit av dei mest aggressive framande treslaga vi har, og vil over tid utkonkurrera og fortrenga andre treslag i edellauvskog (jf. Sjøholtlia naturreservat). Arten bør forhindrast frå å koma inn i reservatet fordi han trugar verneformålet.
4. **Styving av tidlegare styva alm.** *Grunngjeving:* Når styving av alm opphøyrer, vil dei etter kvart få grove greiner og bli meir topptunge enn ustyva tre. Om ein styver tidlegare styva almetre (gjerne nærast vegen pga. behov for transport av utstyr), kan dette auka alderen på trea noko samanlikna med om ein ikkje gjer noko. Det er likevel ikkje så mange styvingstre i lia, og det finst gamle, ustyva almer som vil kunne husa det same artsmangfaldet som styva tre.
5. **Skjøtsel av semi-naturleg eng ved Muldals- og Tafjordsætrene.** *Grunngjeving:* Semi-naturleg eng kan skjøttast med beiting eller slått. Sidan beitinga i praksis er opphøyr, kan det vere aktuelt å slå setervollane. Registrert eng-tilknytt artsmangfald er ikkje så stort, derfor får tiltaket relativt låg prioritet.
6. **Skjøtsel av semi-naturleg eng ved Muldalsgardane.** *Grunngjeving:* Semi-naturleg eng kan skjøttast med beiting eller slått. Sidan beitinga i praksis er opphøyr, kan det vere aktuelt å slå areal klassifisert som semi-naturleg eng. Registrert eng-tilknytt artsmangfald er ikkje så stort, derfor får tiltaket relativt låg prioritet.

4 KJELDER


4.1 Skriftlege kjelder

- Artsdatabanken 2018. Norsk rødliste for naturtyper 2018. Fosseeng.
https://artsdatabanken.no/rln/2018/52/fosse_eng?mode=headless. Sitert 05.09.2021.
- Artsdatabanken 2021. Norsk rødliste for arter 2021.
<https://www.artsdatabanken.no/lister/rodlisterforarter/2021> Sitert 05.02.2022.
- Artsdatabanken & GBIF 2022. Artskart. <http://artskart.artsdatabanken.no/> Sitert 05.02.2022.
- Aspehjem, T., Bersås, L., Døving, M. M., Linge, S. & Waldal, H. 2012. Til seters. Setrar i Norddal. Valldal bygdekvinneleg. Bok, 479 s.
- Bugge, O.A. 1993. Utkast til verneplan for edellauvskog i Møre og Romsdal fylke. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavingdelinga. Rapport nr 10-1992. 118 s.
- Direktoratet for naturforvaltning. 2007. Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2007 258 s. + vedlegg.
- Fjeldstad, H. & Gaarder, G. 2005. Biologiske undersøkelser i edellauvskogsreservat i Møre og Romsdal i 2004. Resultater av feltbefaringer. Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavingdelinga, Rapport 7 – 2005.
- Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2000. Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal – biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune. Rapport, 95 s.
- Holten, J.I. & Brevik, Ø. 1998. Edelløvskog i Midt-Norge – biologisk mangfold, skjøtsel og forvaltning. Terrestrisk Miljøforskning. Rapport. 143 s. + vedlegg.
- Hovstad, K. A., Johansen, L., Arnesen, G., Svalheim, E. & Velle, L. G. (2018). Semi-naturlig eng, Semi-naturlig. Rødlista for Naturtyper 2018. Artsdatabanken. Hentet (3.12.18) fra:
<https://artsdatabanken.no/RLN2018/72>
- Hovstad, K. A., Johansen, L., Arnesen, G., Svalheim, E. & Velle, L. G. (2018). Boreal hei, Semi-naturlig. Rødlista for Naturtyper 2018. Artsdatabanken. Hentet (3.12.18) fra:
<https://artsdatabanken.no/RLN2018/71>
- Ihlen, P. G. & Eilertsen, L. 2012. Framlegg til faggrunnlag for fossesprøytsoner i Norge. Rådgivende Biologer AS, rapport 1557: 1-60.
- Jordal, J.B. 2011. Supplerande kartlegging av naturtypar i kulturlandskapet i Norddal og Stranda i 2009-2010. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavingdelinga, rapport 2011:01, 201 s
- Jordal, J.B. 2020. Kartlegging og overvåking av sunnmørsmarikåpe *Alchemilla semidivisa* i Møre og Romsdal i 2020. Miljøfaglig Utredning Rapport 2020-42, 44 s.
- Jordal, J.B. 2021. Kartlegging og overvåking av sunnmørsmarikåpe *Alchemilla semidivisa* i Møre og Romsdal i 2021. Miljøfaglig Utredning Rapport 2021-37.
- Lid, J. & Lid, D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.
- Michaelsen, T.C. & Grimstad, K.J. 2007. Beiteskader av hjort i vernet skog: Muldalslia naturreservat. NNI rapport nr. 162. 14 s + vedlegg. <https://felles.naturbase.no/api/dokument/hent/8178.PDF>

- Michaelsen, T.C. & Røsberg, T.-A. 2015. Platanlønn *Acer pseudoplatanus*. Utbredelse og trusselvurdering i området Nordmøre - Romsdal - Sunnmøre - Nordfjord. Rapport til Miljødirektoratet, Michaelsen Biometrika, Ålesund.
- Michaelsen, T.C., Grimstad, K.J., Soot, K.M., Heggset, J. & Jordal, J.B. 2003. Kartlegging av flaggermus i Møre og Romsdal. Kunnskapsstatus 2002. Norsk Zoologisk Forening, rapport 10. 25 s. + vedlegg.
- Miljødirektoratet. 2015. Veileder for kartlegging, verdisetting og forvaltning av naturtyper på land og i ferskvann, Utkast til faktaark.
- Miljødirektoratet 2022. Naturbase. www.kart.naturbase.no. Sitert 05.09.2021. (<https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00008430>)
- Møre og Romsdal fylke 2005. Forvaltningsplan for Muldalslia naturreservat i Norddal kommune i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal fylke, Areal og miljøvern avd. 21 s. <https://felles.naturbase.no/api/dokument/hent/8174.PDF>
- Møre og Romsdal fylkeskommune 2019. Skjøtselsplan for Muldalen i Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde – fråsegn ved høyring. Brev av 11.11.2019. 2 s.
- Norderhaug, A., Hansen, S. & Jordal, J. B., 2004. Storfjordprosjektet. Fagrapport om kulturlandskapet i indre Storfjorden og om utfordringar for forvaltninga. Møre og Romsdal fylke, landbruksavdelinga, Molde. Rapport nr. 1-2004. 240 s.
- Vatne, S. 2013. Muldalsgardane og Muldalsætra i Tafjord. Biologisk mangfold og forslag til skjøtselstiltak. Økolog Vatne Rapport 1-2013. 20 s.

4.2 Munnlege kjelder

<i>Namn</i>	<i>Organisasjon/rolle</i>
Sissel Rogne	Grunneigar på Muldal og Muldalssætra



Miljøfaglig Utredning AS ble etablert i 1988. Firmaets hovedformål er å tilby miljøfaglig rådgivning. Virksomhetsområdet omfatter blant annet:

- Kartlegging og konsekvensanalyser på fagtema naturmangfold
- Skjøtselsplaner / forvaltningsplaner
- Utarbeiding av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-virksomhet
- Foredragsvirksomhet

Hjemmeside: www.mfu.no

Org.nr.: 984 494 068 MVA



Arkivsaksnummer: 2022/4916-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 09.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	18/2022	20.05.2022

Re-autorisasjon av Besøkssenter nasjonalpark 2022

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen støttar re-autorisasjon av Norsk Fjellmuseum som besøkssenter nasjonalpark.

Norsk fjellmuseum har vore autorisert nasjonalparksenter i 25 år, og som forvaltningsknutepunkt for Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparker sidan 2012 og 2014. Det er etablert eit godt og nært samarbeid mellom besøkssenteret og nasjonalparkforvaltninga med eit viktig kompetansemiljø som er i utvikling.

[---](#) slutt på innstilling [---](#)

Dokument i saka

- E-post 05.05.22 frå Norsk fjellsenter/Klimapark 2469, v/Mai Bakken
- Veileder: søke om autorisasjon og reautorisasjon av besøkssenter nasjonalpark, våtmark, rovdyr, villrein, verdensarv og Oslofjorden
- Vedtak i nasjonalparkstyret for Reinheimen 07.02.2017, sak 2/17: Re-autorisasjon av besøkssenter nasjonalpark

Saksopplysningar

Dagleg leiar ved Norsk fjellsenter/Klimapark 2469 har bede om at nasjonalparkstyret for Reinheimen gjer vedtak om å støtte re-autorisasjon av Norsk fjellsenter som besøkssenter nasjonalpark. Det står følgjande i e-posten frå fjellsenteret 05.05.22:

Norsk fjellsenter skal reautorerast som Besøkssenter nasjonalpark i 2022.

Vedlagt ligg ein veileder frå Miljødirektoratet og punkt 3.2.3. omhandlar samarbeid og forvaltningsknutepunkt.

Punktet syner til at «*brev med anbefaling/støtte frå statsforvalter, verneområdestyre bør forklare hvorfor senteret anbefales, beskrive i hvor stor grad senteret samarbeidet med verneområdestyre, statsforvalter...*»

Eg ber med dette om eit slikt støttebrev/vedtak frå verneområdestyret. Sjølve autorisasjonsbesøket skal skje i september, det kan vere at dei ynskjer representasjon frå 1 av forvltarane i samband med dette besøket, men det kjem vi attende til.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla i møte 07.02.2017 spørsmålet om førre re-autorisasjon av Norsk Fjellmuseum som besøkssenter nasjonalpark, og gjorde slik samrøystes vedtak i sak 2/17:

«Nasjonalparkstyret for Reinheimen støttar re-autorisasjon av Norsk Fjellmuseum som besøkssenter nasjonalpark.

Norsk Norsk fjellmuseum har vore autorisert nasjonalparksenter i 20 år, og som forvaltningsknutepunkt for Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparker, er det etablert eit godt og nært samarbeid nasjonalparkforvaltninga.»

Miljødirektoratet sin veileder for autorisasjon og re-autorisasjon av besøkssenter gjev følgjande føringar for sentra for Nasjonalpark:

4.3 Nasjonalpark

Besøkssenter nasjonalpark skal spesielt formidle informasjon om nasjonalparker og andre vernede områder, nasjonalt og internasjonalt. Sentrene har et særlig ansvar for å formidle verneverdiene i de nærliggende verneområdene. De skal også stimulere til bærekraftig bruk av nasjonalparker og annen natur, og til friluftsliv.

Et besøkssenter for nasjonalpark skal

- ha et nært samarbeid med verneområdestyret og nasjonalparkforvalteren i de områdene der ordningen er etablert*
- presentere opplevelsesmulighetene i nasjonalparken(e) og randsonene*
- tilby lett tilgjengelig informasjon om friluftsliv, stinett og turhytter som lett kan lede besøkende ut i nasjonalparken(e) og andre verneområder*
- installere og ta i bruk nasjonalparkskjermen som gir informasjon om alle landets nasjonalparker*
- samarbeide med de andre autoriserte nasjonalparksentrene om pedagogiske metodeverktøy, temautstillinger o.l.*

Ved autorisasjonssøknader for besøkssenter nasjonalpark forutsettes det at vernemyndigheter og kommune støtter søknaden.

Eit besøkssenter blir autorisert for fem år av gongen dersom ikkje anna er bestemt. Formålet med å reautorisere besøkssentera er å sikre at sentera oppfyller krava i veilederen.

Når det gjeld samarbeid og forvaltningsknutepunkt, er det omtala slik i veilederen frå miljødirektoratet:

3.2.3 Samarbeid og forvaltningsknutepunkt

Sentrene bør arbeide for godt samarbeid med lokal og regional forvaltning, private reiselivsaktører, frivillige organisasjoner og spesielt skoler. Der forholdene ligger til rette for det skal sentrene samlokaliseres med relevante etablerte institusjoner som informerer om natur eller kultur (f.eks. museer eller forvaltningsknutepunkter).

Brev om anbefaling/støtte fra kommuner bør vise til kommunestyrevedtak. Støttebrevet skal forklare hvorfor kommunen anbefaler autorisasjon og beskrive i hvor stor grad senteret samarbeider med kommunene, og spesielt om og hvor mye økonomisk støtte kommunen vil gi og om den er representert i senterets styre. Informasjon om forankring i kommuneplan kan også være aktuelt. Brev med anbefaling/støtte fra statsforvalter, verneområdestyre og rovviltnemnd bør forklare hvorfor senteret anbefales, beskrive i hvor stor grad senteret samarbeider med verneområdestyre, statsforvalter eller rovviltnemnd, og om verneområdestyret er representert i senterets styre.

Vurdering

Norsk Fjellmuseum vart autorisert som nasjonalparksenter for Jotunheimen fyrste gong i 1997. I 2009 vart fjellmuseet autorisert nasjonalparksenter for Reinheimen. Som autorisert besøkssenter nasjonalpark er Norsk Fjellmuseum si hovudoppgåve å formidle informasjon om nasjonalparken og tilhøyrande verneområde, og bidra til auka forståing for vern av naturverdiar og biologisk mangfald. Senteret skal skape ei forståing for kvifor verneområda skal takast vare på og inspirere til å lære meir om natur og naturvennleg friluftsliv.

Autoriserte sentre får eit registrert merkevare som er eigd av Miljødirektoratet. Autorisasjon, med krav til re-autorisasjon kvart 5. år, er eit system for å sikre og oppretthalde kvalitet ved dei ulike besøkssentra. Norsk Fjellmuseum var eit av dei fyrste autoriserte nasjonalparksentra i landet i 1997, og har framleis ein viktig funksjon i høve til lokalsamfunnet, skulane i regionen og dei mange turistane som besøker området. Lom er også eit trafikalt knutepunkt, der ferdselsårene Rv 15 og Fv 55 over fjella mot vest møtest, og har såleis ei strategisk god plassering i forhold til å kunne nå mange besøkande. Det blir også arbeid med informasjonspunkt andre plassar rundt dei store verneområda, og Norsk Fjellmuseum blir ofte kontakta for å dele av sine erfaringar med andre som vil lære og få inspirasjon.

Norsk Fjellmuseum står fram som eit solid senter, som gjennom 25 år både har greidd å halde på sitt kompetansemiljø og utvikla senteret med nye aktivitetar, utstillingar og arbeidsplassar. Etableringa av forvaltningsknutepunkt for Jotunheimen og Reinheimen er viktig for besøkssenteret, ikkje minst for kompetansemiljøet. Det er såleis etablert ei godt og nært samarbeid mellom nasjonalparkforvaltninga og besøkssenteret, der vi deler erfaringar og nyttar kvarandres kompetanse for å løyse ulike arbeidsoppgåvar. Fjellsenteret er og ein viktig møteplass og arena for fagseminar, og ikkje minst som bindeledd mot reiselivet. I samband med besøksstrategiar for nasjonalparkane og implementering av merkeordninga for Norges Nasjonalparkar, er det også etablert ein nært samarbeid mellom fjellsenteret og nasjonalparkforvaltarane.